



Kommunedelplan for  
kultur, idrett og friluftsliv  
2023-2035

# Kultur som drivkraft

---

idrett // friluftsliv // kulturarv // kunst //  
musikk // næring // frivillighet // scene //  
ungdom // barn // helse // kulturskule //  
bibliotek // inkludering // mangfold // klima

Kultur // Idrett // Friluftsliv


 **ALVER** KOMMUNE

Ein plan for  
heile Alver

# Me skal bygga kultur og idrett i lag

Kultur // Idrett // Friluftsliv

 **ALVER** KOMMUNE





# Innhold

Bakgrunn, kunnskap og formål	4
Idrett	10
Friluftsliv	14
Musikk	16
Kulturarenaer og kulturhus	18
Scenekunst, film og litteratur	20
Kunst	22
Kulturnæring og profesjonell kultur	24
Publikumsutvikling og arrangement	26
Kulturarv	28
Alver kulturskule	30
Alver bibliotek	32
Ungdom	34
Barnekultur	36
Kultur når me vert fleire seniorar og eldre	38
Inkludering og mangfald	40
Livssyn	42
Frivillighet	44
Klima og miljø	46
Kjelder og føringar	50

I dag låg det gull i sundet,  
så djupt, så djupt.  
Eg kunne ha aust opp med ausefatet,  
eg kunne ha stupt  
og lauga i gylte skum.

Gull i sundet - Aslaug Låstad Lygre



# Bakgrunn for planen

Kommunedelplanen *Kultur som drivkraft* er Alver sitt første heilskaplege planverk innan kultur, idrett og friluftsliv.

Planen har ein horisont på tolv år og følgjer opp kommuneplanen sin samfunnsdel *Vår kommune, vår framtid* innan det utvida kulturomgrepet.

Samfunnsdelen legg fram omfattande ambisjonar for kultur, idrett og friluftsliv. *Kultur som drivkraft* skal detaljera desse nærmare og skapa retning for utviklinga i tolvårsperioden.

For nokre felt legg *Kultur som drivkraft* opp til ei vidare detaljering i underordna planar og strategiar, til dømes for friluftsliv, kulturarv, kulturskule, ungdomsdemokrati, anleggsutvikling og kunst. *Kultur som drivkraft* gir òg bestillingar til kommuneplanen sin arealdel.

## **Berekraftsmål og nasjonale forventingar**

*Kultur som drivkraft* tek utgangspunkt i FN sine berekraftsmål: **3** - god helse **5** - likestilling mellom kjønna **10** - mindre ulikskap **11** - berekraftige byar og samfunn **12** - ansvarleg forbruk og produksjon **16** - fred, rettferd og velfungerande institusjonar **17** - samarbeid for å nå måla.

Planen tek vidare utgangspunkt i nasjonale forventingar

til kommunal planlegging: **1** - å skape berekraftig velferdssamfunn **2** - å skape eit økologisk berekraftig samfunn gjennom (...) ein offensiv klimapolitikk og ein forsvarleg ressursforvaltning **3** - å skape eit sosialt berekraftig samfunn **4** - å skape eit trygt samfunn for alle. Til sist tek planen utgangspunkt i regional plan for det breie kulturområdet.

## **Lovverket**

Planen tek utgangspunkt i kulturlova, som gir lovfesta oppdrag til kommunane på planlegging, tilrettelegging for fritt ordsifte og yringsfridom, utvikling, kvalitet, deltaking, profesjonalitet og informasjon, samt etablering av prinsippet om armlengdes avstand. Han planlegg for korleis me skal oppfylle folkebiblioteklova sine formål, og opplæringslova sitt oppdrag for den kommunale kulturskulen. Friluftsløva gir kommunane forvaltingsoppgåver og ansvar i å fremja ålmentas interesser, og friluftslivet er ein tydeleg del av planen. Kulturminnelova er ei rettesnor for lokalt kulturarvsarbeid, og plan- og bygningslova gir oss i oppdrag og sikra verdifulle landskap og kulturmiljø.

Forskrift om fordeling av spelemidlar gir eit vidt oppdrag til kommunen, som knyt seg til korleis anleggsutviklinga skal skje lokalt.



### **Kunnskapsgrunnlaget**

*Kultur som drivkraft* er utarbeidd på grunnlag av eit omfattande kunnskapsgrunnlag. Planen har særleg tatt utgangspunkt i lokale tal, og samanliknar desse med regionale og nasjonale snitt.

Tidlegare brei kulturplanlegging har ofte hatt manglande tilgang til store talmateriale. Unntaket har vore innan idretten, som over tid har arbeidd systematisk med særleg medlemstal og anleggsstatistikkar.

Dei siste åra har vi fått nye kjelder som

kan visa oss dei store tendensane. Det er særleg sju av desse som planen har tatt eit særleg utgangspunkt i.

Det å nytta store tal innan det breie kulturfeltet er relativt nytt, og me skal i åra framover auke kompetansen på å bruke slike. I planperioden skal me derfor delta og bidra i slike undersøkingar for å sikra stadig tilgjengelege og oppdaterte tal.

**Ungdata** har sidan 2010 vist oss korleis ungdommane melder om sine liv, med spørsmål om

foreldre, lokalmiljø, fritidsaktivitetar, risikoadferd, venner og skulemiljø. Tala frå 2021 gjeld tre undersøkingar: 5.-7. trinn, ungdomsskule og vidaregåande.

**Barnefamiliepanelet** vart første gong gjennomført i Bergen i 2019, og utvida til heile fylket i 2022. Alle familiar i Alver med barn mellom 6 og 15 år vart invitert til å delta, og undersøkinga viser særleg at hustandens inntekt, utdanningslengde og tilgjengelegheit er avgjerande for kor mange som nyttar seg av tilboda.

**Folkehelseundersøkinga** i Vestland vart gjennomført i samarbeid mellom FHI og fylkeskommunen. Undersøkinga viser mellom anna resultat på nærmiljø, livskvalitet og levevanar.

**Kulturindeksen** og **idrettsindeksen** frå Telemarksforskning samanstillar Alver med 19 andre kommunar. Desse er valde ut med omsyn til geografisk plassering i ein storbyregion og liknande demografiske trekk.

Idrettsindeksen viser Alver si relative

# Vi nyttar store tal for å sjå tendensar i samfunnet vårt



## Medverknad

*Kultur som drivkraft* tek utgangspunkt i omfattande medverknad i åra 2018 og fram til 2022. I samband med bygginga av Alver hadde me møte, samtalar og kartleggingar på ei rekke felt innan kultur-, idrett og friluftsliv. I arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel var det breie kulturområdet ein viktig del av medverknaden, mellom anna i senterstudie og spørjeundersøkingar og med mange innspel. Planen drar vidare nytte på medverknad i lag med kommunedelplanane for oppvekst og helse og omsorg

I arbeidet med *Kultur som drivkraft* bygg me vidare på denne medverknaden, samstundes som me gjer målretta medverknadsarbeid på dei felta me manglar kunnskap

plassering på andel aktive og viktige tal på anleggssbildet innan ulike idrettar. Kulturindeksen nyttar ei rekke parametrar og kjelder, og vektar desse. Kulturindeksen har derfor eit meir varierende statistikkgrunnlag enn idrettsindeksen. Likevel viser den relativ vektning med andre kommunar, mellom anna med omsyn til kulturfrivilligheit, arbeidsplassar og konserttilbod.

**Kulturundersøkinga Alver** vart gjennomført i 2019 av Respons analyse på oppdrag frå Alver kommune. 1 000 respondentar svarte på spørsmål knytt

til deltaking, frivilligheit, tilfredsheit, transport og motivasjon. Undersøkinga har låg usikkerheit på kommunenivå, og kan ved behov delast opp geografisk.

### Hovudfunn

Det er nokre hovudtrekk frå kunnskapsgrunnlaget som særleg påverkar *Kultur som drivkraft*.

Av samanlikningskommunane har me lågast deltaking i barneidretten, sjølv om somme idrettar ligg betre an.

Me skårar svært lågt på tilgjengelegheit

på kulturtilbod relativt til fylket elles. Alver og Nordhordland har eit betydeleg mindre tilgjengeleg kulturtilbod enn andre delar av fylket.

Svært mange melder om eit behov for fleire møteplassar, og med høgare kvalitet.

Me ser ut til å ha eit velfungerande fritidstilbod, som me er nøgde med, og god deltaking i lokal frivilligheit på generelt nivå. Me har likevel færre medlemmar enn forventa innan fleire av felta med unntak av korps.

Me ser ut til å ha eit for svakt differensiert utval av anlegg og tilbod innan kulturen og idretten, har generell mangel og etterslep på kulturell fysisk infrastruktur.

Til sist ser Alver ut til å ha ein underutvikla lokal marknad for kultur- og opplevingsnæringar, der innbyggjarane i mindre grad enn forventa nyttar seg av tilbod i Bergen, og har langt færre liknande tilbod i Alver enn storleiken på kommunen skulle tilseie.

## MØTEPLASSAR OG AKTIVITET

### Delmål

- I Alver har vi gode møteplassar for kultur, idrett og fysisk aktivitet
- Vi har levande bygder med arbeidsplassar, lags- og kulturliv og busetting i heile kommunen
- Innbyggjarane i Alver har ein meningsfylt og aktiv kvardag
- I Alver nyttar vi naturen, sjøen og kysten til fritid og rekreasjon
- Nye tilbod er i stor grad lokalisert i sentera
- Knarvik er eit senter med attraktive tilbod, arenaar og møteplassar for heile regionen

## KULTUR- OG IDRETTSKOMMUNEN

### Delmål

- I Alver skapar, opplever og deltek vi aktivt i lokale kultur- og idrettstilbod
- Kultur, kulturmiljø og kulturarv vert nytta som ein ressurs for berekraftig samfunnsutvikling
- Alver er eit attraktiv reisemål
- Næringslivet i Alver er mangfaldig og konkurransedyktig

2

### VEGVAL

- Vi skal ha inkluderande møteplassar og ta vare på natur og friluftsområde i og rundt sentera
- Vi skal utvikle nærmiljø som inviterer til fysisk aktivitet, deltaking og sosial inkludering
- Vi skal støtte opp om eit mangfaldig organisasjonsliv
- Vi skal ha aktivitetar, tilbod og møteplassar som seinker tersklar for å delta, og førebyggjer utanforskap
- Vi skal sikre at alle har tilgang til og kan bruke fjellet, skogen og sjøen, og at ålmenta har tilgang til strandsona
- Vi skal utvikle Knarvik til eit urbant sentrum med tilbod og tenester som høyrer heime i eit regionssenter
- Vi skal utvikle Knarvik med gode koplingar mellom sentrum, sjø og turtterreng rundt

1

### VEGVAL

- Vi skal sikre tilpassa og heilskapleg utvikling av kulturarenaar og idrettsanlegg
- Vi skal ha attraktive tilbod og møteplassar som seinker tersklar for å delta
- Vi skal styrke biblioteka si rolle som aktiv formidlar og arena for samtale og debatt
- Vi skal styrke kulturskolen som samfunnsbyggjar og som inkluderande og kreativ læringsarena for barn og unge
- Vi skal styrke fagområda kunst, scene og det profesjonelle kulturfeltet
- Vi skal ta vare på og utvikle lokal tradisjonskultur
- Vi skal ha ei berekraftig forvaltning av kultur, kulturmiljø og berekraft
- Vi skal vere ein aktiv og medveten nynorsk-kommune, både ved skriftspråket, dialektar og talemål.
- Vi skal bidra til at reiselivet utvikler og byggjer opp nye attraktive opplevingar
- Vi skal støtte lokale reiselivsaktørar, og marknadsføre Alver som destinasjon
- Vi skal tiltrekke og utvikle rett kompetanse og arbeidskraft
- Vi skal etablere og utvikle samarbeid om kompetanseutvikling og innovasjon

3

## INKLUDERING, MANGFALD OG LIVSSYN

### Delmål

- Frivillig sektor i Alver er mangfaldig og sterk
- Barn og unge har ein trygg oppvekst
- Innbyggjarane i Alver har tenester tilpassa sine behov

### VEGVAL

- Vi skal støtte frivillig sektor slik at han kan utvikle seg og bidra etter eige ønskje
- Vi skal leggje til rette for tett samarbeid med frivilligheita for å utvikle gode lokalsamfunn, aktuelle tenester og tilbod til innbyggjarane
- Vi skal styrke frivilligsentralane til å utvikle og koordinere det frivillige arbeidet, og vere eit møtepunkt mellom det offentlege og frivillige
- Vi skal ha eit godt psykososialt miljø på alle arenaar der barn og unge deltek
- Vi skal arbeide aktivt med førebygging og tidleg innsats gjennom tverrfaglege samarbeid
- Vi skal satse på kvalitet i opplæringa og leggje til rette for at barn og unge opplever meistring, fellesskap og utvikling
- Vi skal vere eit livssynsoppe samfunn

4

## DEI STORE SPØRSMÅLA

### Delmål

- Alver har kulturhus og svømmehall i regionssenteret
- Alver er eit klimavennleg samfunn og rusta til å møte eit klima i endring
- Alver sikrar naturverdiar og naturmangfald, og tek vare på verdifulle kulturlandskap og friluftsområde

### VEGVAL

- Vi skal samarbeide med fylkeskommunen, næringsliv og frivilligheita å få på plass eit regionalt kulturhus og svømmehall
- Kulturhus og svømmehall skal vere tilgjengelege og fungere som naturlege samlingspunkt for aktivitet og kulturopplevingar
- Vi skal satse på gjenbruk, sirkulærøkonomi, energieffektivisering og reduksjon av klimagassutslepp
- Vi skal utvikle framtidig nasjonalpark som regionale destinasjon
- Vi skal sikre kulturarven for framtida, og bruke naturen som arena for friluftsliv og opplevingar

# FIRE OVERSKRIFTER

for kulturfeltet

Samfunnsplanen vår seier at kulturen i Alver skal vere ei drivkraft i samfunnsutviklinga. Kultur-, idretts og friluftspanen sorterer delmåla og strategiane frå samfunnsdelen i fire overskrifter



# Kva skal vi oppnå med planen

## og korleis kan vi nå ambisjonane

*Kultur som drivkraft* legg opp til å skapa ein bevegelse for det breie kulturfeltet, for at kultur kan verta ei grunnleggjande drivkraft for samfunnsutviklinga i Alver.

For å få dette til skal me på den eine sida satsa på mange små tiltak, endringar og forbetringar som samla sett gir stor effekt i tid og rom, og som etterlever ambisjonane frå kommuneplanen sin samfunnsdel.

På den andre sida skal denne bevegelsen òg danna retning til å få realisert dei store tiltaka, som kulturhus og svømmeanlegg. Me skal jobba konkret innan desse store spørsmåla, for å danna grunnlag for avgjerder seinare i planperioden.

Kunnskapsgrunnlaget og medverknaden fortel oss at kulturen og idretten gjer ein stor innsats, som sikrar innbyggjarane gode tilbod og trygge arenaar. Likevel trår det fram nokre klare peikepinnar, som me må ta tak i om me skal oppnå kommuneplanen sine ambisjonar.

Me må få til breiare og meir differensierte tilbod innan både kultur og idrett. Me må fokusera på å få fleire barn inn i organisert idrettsaktivitet i tidleg alder.

Me må forbetra anleggssituasjonen for kulturaktivitetar, ta igjen etterslepet, og sørgja for eit meir tilgjengeleg

kulturtilbod. Me må sikra drift og vidare utvikling av idrettsanlegga våre.

Me må skapa fleire sosiale og aktive møteplassar, der folk kan møtast og driva aktivitet etter eigne ønskje og behov.

Me må sikra at kulturarven vår er tilgjengeleg for kommande generasjonar, at frivillig innsats kan fortsetta som ein berebjelke i lokalsamfunna, og at det er attraktivt å utvikla kulturnæringar i Alver.

Me må inkludera fleire og auka rekrutteringa, sikra eit mangfald i deltaking og tilbod, og ha eit ope og fritt kulturliv som styrkar lokalt samfunnsliv og demokrati.

Me må gjera Alver meir attraktivt og auka bulyst og livskvalitet, med betre tilgang til tilbod og aktivitetar som er forventa av ein kommune som vår.

Dette er store oppdrag.

Men kultur- og idrettsfeltet består av innbyggjarane sjølv, og gjeld alle. Alle har ei fritid, og kulturen treff vidt. Derfor skal me jobba målretta innan dei mange ulike fagområda, slik at me i slutten av planperioden kan oppsummere at me faktisk fekk til ei endring.

# Idrett

## fysisk aktivitet

Idretten er vår største aktivitet, med over 9 000 medlemmar i og 38 idrettslag i Alver.

I tillegg har dei fire skyttarlag våre over 1 100 medlemmar

Fysisk aktivitet gir sterke vinstar for den fysiske helsa vår. Samstundes er det å ta del i organiserte og eigenorganiserte aktivitetar ei kjelde til sosial kontakt og vennskap, til meining og utvikling, til å skapa eit godt lokalmiljø og å vera med å påverka samfunnet rundt seg.

I underkant av 60% av oss opplev idrettstilboda som godt tilgjengelege, og over 70% er nøgde med tilboda. Kvar tredje innbyggjar vil prioritera anlegg for idrett og eigenorganisert aktivitet.

Fleire vaksne deltek i organisert idrett i Alver enn elles i landet

I Alver er det færre barn og unge som deltek i den organiserte idretten enn andre plassar. Dette skiljer oss negativt ut, og særleg for aldersgruppa 6-12 år,

der Alver ligg lågast av samanliknbare kommunar.

Dette har konsekvenser fram i tid, der god deltaking i barneidretten danner grunnlag for aktivitet seinare i livet. Blant barn og unge er det færre som deltek som idrettspublikum i Nordhordland enn resten av fylket

Idrettsdeltakinga blant barn og unge aukar svakt med husstandens utdanningslengde og inntekt, med sterke variasjonar mellom ulike idrettsdisiplinar

Det låge deltakingsnivået blant barn er ulikt mellom idrettane, men idrettstilbodet kan samla sett vere for lite differensiert. Endringar her vil krevje målretta innsats og samarbeid frå idrett og kommune.

## Anlegg i kommunen

10 kunstgrasbaner 11'  
4 kunstgrasbaner 5', 7' og 9'  
7 fleirbrukshallar  
3 mindre hallar  
4 utandørs skyteanlegg  
3 innandørs skyteanlegg  
3 grasbanar fotball og friidrett  
2 fotballhallar  
1 basishall  
1 svømmehall 25 meter  
4 12m basseng  
2 terapibasseng  
1 klatrehall  
1 klatrevegg  
2 buldrearlegg  
2 friidrettsbanar  
2 kastebanar  
1 fysakhall  
1 motorsportbane  
1 golfbane

1 - Knarvik stadion  
2 - Knarvik Arena  
3 - Nordhordlandshallen  
4 - Storstova Leiknes  
5 - Ostereidet idrettspark  
6 - Ostereidet basseng  
7 - Gamlesætra skianlegg  
8 - Alversund basseng  
9 - Alverhallen  
10 - Alversund fotballbane  
11 - Seim fotballbane  
12 - Seim skyttarlag  
13 - Lindåshallen  
14 - Lindås idrettspark  
15 - Austmarka fotballbane  
16 - Sæbøhallen  
17 - Radøyhallen  
18 - Grønålen  
19 - Radøy skyttarlag  
20 - Sletta fotballbanar  
21 - Hordabøhallen  
22 - Hordabø idrettspark  
23 - Meland Aktiv  
24 - Fossemyra idrettspark  
25 - Nordhordland folkehøgskule basseng og bane  
26 - Frisbeegolf Badevika og Halte-Johansvika  
27 - Meland skyttarlag  
28 - Holme fotballbane  
29 - Meland golf  
30 - Rossland basseng  
31 - Leirdalen  
32 - Meland motorsportbane  
33 - Hopsdalen skianlegg  
34 - Lindås skyttarlag  
35 - Sagstad fysakhall  
36 - Grasdal volleyballhall

*Alver har svært mange store anleggsstadar, som utfordrar oss på drift, vedlikehald og investeringsbehov.*



Foto - Ruben Soltvedt og NBK

### Nøkkelfunn

Alver kjem dårleg ut når det gjeld aktivitetsandel barn i idretten

Kjønnsfordelinga syner at det er forskjellar på aktive gutar/menn og jenter/kvinner innan idretten, og at denne forskjellen gjer seg meir gjeldande eldre dess eldre utøvarer vert.

Golf og fotball peikar seg ut som dei to idrettane som er over snittet populære i Alver kommune sett opp mot landssnittet. Skyting, vassport, motorsport, kampsport, handball og friidrett ligg tett på landssnittet, mens gymnastikk og turn, anna ballsport og symjing er døme på

idrettar der me kjem markant lågare ut når det gjeld deltaking sett opp mot eit landssnitt.

Når det gjeld anleggsdekning per innbyggjar og per aktiv kjem Alver kommune ut omtrent på landssnittet, og midt på treet sett opp mot samanlikningskommunar.

Anleggsprofilen, som seier noko om anleggsituasjonen sett i lys av idretts- og aktivitetstala, fortel oss at golf-, klatre- og fotballanlegg er med å trekkje opp snittet i anleggsdekninga.

Hallidrettar, symjing, motorsport og

vassport er dømer på aktivitetsformar som kjem dårlegare ut enn landssnittet når det gjeld anleggsdekning

Alver kommune kjem ut i øvre sjiktet når det kjem til kommunalt eigde anlegg sett opp mot anlegg eigd av idrettslag, eller andre organisasjonar. Nordhordland ligg klart under fylkesgjennomsnittet når det kjem til deltaking i eigenorganisert aktivitet kvar veke

Andelen som rapporterer at det er vanskeleg å få hushaldsinntekta til å strekka til i det daglege er høgare i Nordhordland enn fylkesgjennomsnittet i Vestland

# Idrett

## fysisk aktivitet

### **Kva skal vi strekke oss etter i planperioden**

I Alver skal me auka talet born (6-12 år) som er aktive innan idretten, utjamne sosial skilnadar og minimiere sosioøkonomiske barrierar.

Me skal jobba for ei jamnare kjønnsfordeling blant dei aktive.

I Alver skal me vidareutvikle tilbod med mange aktive, men òg strekke oss mot eit breiare aktivitetstilbod med utvikling av aktivitetar som har lågare del aktive. Me skal finne løysingar på manglande bassengkapasitet.

I Alver skal me auke deltakinga i eigenorganisert aktivitet, og utvikle differensierte sosiale og aktive møteplassar og arenaar. Idrettsaktiviteten vår skal sørge for at flest mogleg kan halde på lengst mogleg med eit variert aktivitetstilbod i sine nærilmiljø

I Alver skal me i planperioden ta omsyn til at me har ein høg andel eksisterande store anleggsstadar, og

ta vare på anlegga me har, Me skal ha fokus på rehabiliteringsplanar, drifts- og vedlikehaldsarbeid og samarbeid med idrettslaga.

Arealreservane i Alver som har idrettsformål, skal utnyttast i samarbeid mellom kommune og idretten.

### **Kva grep skal me ta i planperioden**

Me skal ha eit breitt rekrutteringsarbeid i samarbeid mellom idretten, barnehage og skular for å få fleire barn i aktivitet: gjennom å legge til rette for organisert aktivitet i SFO-tida, kaste lys på gratistilbod for dei yngste barna, og tiltak for å sikra informasjon i nærmiljøa i eit mangfald- og inkluderingsperspektiv.

Me skal ha ordningar som lettar på sosioøkonomiske barrierar som deltaking i idretten kan føre med seg, og vidareføre prinsippet om gratis bruk av kommunale bygg til barn og unges aktivitet.

Me skal utdjupe samarbeidet mellom idretten og utstyrssentralane.

Me skal styrke offentlege svømmetilbod i bassenga, mellom anna i samarbeid med frivilligheita, støtte arbeid med nytt svømmeanlegg i Knarvik, og kaste lys på behov innbyggjarane har for å få erfaring med svømming i sjø.

Me skal prioritere utviklingsarbeid som rettar seg til å halde jenter og kvinner i idretten, og til idrettar med lågare aktivitetstal enn landsnittet.

Me skal prioritere ei anleggsutvikling som fremjer nye aktivitetar, idrettar som som kjem dårlegare ut enn landsnittet når det kjem til anleggsdekning og -profil i Alver, og som innbyr til eigenorganisert aktivitet.

Me skal investere i utstyr som trengs for vedlikehald når vi bygger og rehabiliterer nye anlegg, og me skal sikre at vi har nok idrettsutstyr i anlegga våre.

Me skal sjå på kva eigarformar som er mest formålstenleg for vidare heilskapleg anleggsutvikling. Me skal sikre at det er nok areal tilgjengeleg for framtidig utvikling.

## **Idelle idrettsanlegg**

Totalt har Alver ein høg del anlegg i kommunalt eige, og mange store anleggsstadar. Likevel er eigarskapet geografisk ujamnt fordelt, noko som har bakgrunn i dei tidlegare kommunane

Der Radøy og Meland hadde kring 1/3 av anlegga i kommunal eige, var tilsvarande del i i Lindås over 90%. Samstundes er tilboda gode i alle delar av Alver, og idretten har i heile kommunen ei stor kraft og evne til å drifta og utvikle anlegg - og gode aktivitetar.

Derfor skal Alver ha ei aktiv haldning til ideelle anleggseigarar.

Me skal støtta idretten fagleg i prosessar, og sjå på gjenetablering av spelemiddelforskuttering til mindre anlegg, og anleggstypar med for låg dekning. Me skal vidareutvikle føreseielege økonomiske ordningar for idrettslaga og anleggseigarar, som gjer insentiv til aktivitet som samsvarar med satsingsområda for idretten i Alver.

Me skal i planperioden prinsipielt legge til rette for at idrettslag og andre frivillige eller ideelle organisasjonar kan byggja idrettsanlegg på kommunal eigedom der det kan vere aktuelt og tenleg, og vera prinsipielt open for at idretten kan ta over eigarskap til kommunale anlegg.

*E-sport er ein veksande aktivitet, som me i planen omtalar i lag med idretten. E-sport har ulike nivå og kjem på toppen av sosial gaming*



# NATUREN SOM ARENA

# Friluftsliv

## **Fotturar i nærmiljøet - den mest populære aktiviteten**

Friluftsliv er den klart mest populære aktiviteten blant folk i alle aldrar i Noreg. Dette gjeld òg i Alver, der over 80% av oss i stor grad nyttar oss av friluftslivet. Det er særleg turgåing i nærmiljøet som utmerkar seg, der over 65% går tur minst ein gong i veka i naturområde i nærleiken av sin eigen bustad. Over 40% av oss meiner tilrettelegging for friluftsliv må prioriterast.

Over 90% opplever at dei har god tilgang til natur- og friluftsområde, mens over 80% melder at dei har god tilgang til strandline og sjø. Medlemsskap i DNT er på landssnittet, men me har ein relativt låg del jegerar og speidarar.

Tilgangen på natur- og rekreasjonsområde nær heimen har stor betydning for kor fysisk aktive me er og kor mykje me driv med friluftsliv. Studier viser at aksjonsradiusen for både born, vaksne og eldre gjerne er under 500 meter fra boligen.

Å tilretteleggja og sikra gode friluftslivsområde og turstiar i nærleiken av der folk bur er truleg det tiltaket som bidrar mest til at flest mogleg er fysisk aktive i sin kvardag.

I planperioden skal vi gjera dette gjennom sikring av areal for friluftsliv og tilkomst til desse, tilretteleggingstiltak, informasjonstiltak og gjennom organiserte turar og aktivitetar.

## **Friluftsliv på sjø og ved ferskvatn**

Nærleiken til sjøen er ein viktig kvalitet for innbyggjarane i Alver, og det å sikra ålmenta sin tilgang til sjø er difor eit viktig prinsipp i

strandsoneforvaltninga. Friluftsområde ved sjø, men òg ved ferskvatn, med turstiar, fine badeplassar og gode fiskeplassar bidrar til å gjera lokalmiljøet meir attraktivt.

Padling har vorte ein meir populær aktivitet som stadig fleire ynskjer å prøva ut. Alver har ei lang og variert kystline og fleire ferskvatn med gode tilhøve for padling, men det er få stader der det er godt tilrettelagt for tilkomst med kajakk, kano og robåt. Alver er eit mykje nytta område for fridykking og fiske.

Alver skal etablera seg som ein attraktiv stad for ikkje-motorisert ferdsel og aktivitet til sjøs, og tilrettelegge for dette i planperioden.

## **Fjellheimen og attraktive friluftstiltak**

Innanfor Alver sine grenser er det store, urørte fjellområde med opp mot 1000 meter høge toppar. I dette området finn ein fjellvatn, fossar og elver, spanande kulturhistoriske område som t.d. fjellgardane Sætre, Fjelde og Eiterdalen og fleire stølsmiljø, og ikkje minst DNT-hytta i Kalvedalen.

Fjellområda har kvalitetar som gjer at dei bør ha interesse for langt fleire enn dei som brukar og kjenner til området i dag. Naturkvalitetane i området gjer at det vert vurdert om delar av området skal bli nasjonalpark, som kommunen ønskjer velkommen og aktivt skal støtte oppunder.

Fjellområda i kommunen skal i planperioden ha meir tilrettelegging og marknadsføring for å gjera dei meir tilgjengeleg og kjent blant fleire. Tilrettelegginga skal gjerast skånsamt for å ivareta dei særsegne kvalitetane i området.

Likevel skal me òg strekke oss mot tydelege tilretteleggingstiltak der naturen toler det, til dømes med mål om sherpatrappar på Eldsfjellet og Indregardsfjellet, utvikling knytt til Fjelde gard og kommandantbustaden på Håøy, og tilrettelegge for god tilkomst til sjø. Dagsturhyttene skal utviklast vidare som regionale turmål.

## **Det viktige samarbeidet**

Dei frivillige er den viktigaste aktøren også innan friluftslivet, og utviklinga i Alver skal basere seg på tett samarbeid mellom frivilligheita, kommunen, grunneigarar og næringslivet.

Bergen og omland friluftsråd har på oppdrag frå kommunen driftsansvar for ei rekkje friluftsområde i kommunen, og vi skal ha eit aktivt samarbeid om utviklinga av friluftsområda våre. .

## **Naturen som arena for friluftsliv og forvaltning**

Kultur-, sjø og naturlandskapa våre er friluftslivets arena, og Alver skal sikre gode natur- og opplevingskvalitetar for å styrke friluftslivsdeltakinga.

Kommunen er òg forvaltningsorgan etter friluftsliva og har eit generelt ansvar for å fremja ålmenta sine friluftslivsinteresser.

Me skal følgja opp og utdjupa Friluftslivets ferdselsårer og temakartleggingar for friluftslivet, som styrande operative verktøy for utviklinga, og vidareutvikla utstyrssentralane.

Mosjon, rekreasjon

og trening i natur- og

kulturlandskapet rundt

oss er vår mest populære

aktivitet



Alver har svært gode føresetnader for friluftslivet, for både nærturen og dei større opplevingane. Vi skal bli ein friluftskommune, som tek vare på natur og sjø som arena for friluftslivet

*Foto - Alver kommune / Ola Moen / Kjersti Isdal*



# Musikk

MUSIKKOMMUNEN ALVER

**Alver har eit variert og samansett musikkmiljø**, der særleg korpsmiljøet har trådd fram nasjonalt og internasjonalt i over 40 år. Elitekorpsa Eikanger Bjørsvik musikklag og Manger musikklag skapar musikkopplevingar på høgaste nivå og fremjar brass som eigen kunstart. Saman med eit sterkt vaksenkorpsmiljø, er dei aktive forbylde for dei ti skulekorpsa i kommunen.

Musikkretta organiserte fritidstilbod er tilgjengelege over store delar av kommunen, særleg i kulturskule, korps, kor og i menigheiter.

I Alver deltek mange i fritidsmusikktilboda, og me fostrar framtrédande musikarar, komponistar,

songarar og dirigentar.

Utfordringsbildet er likevel stort for musikkfeltet, der etterslep på infrastruktur står tydeleg fram, med stor mangel på tilrettelagde øvings- og framsyningsarenaar. Musikkfeltet peiker sjølv på at ein større framsyningsarena som eit regionalt kulturhus er avgjerande for framtida.

Tilbodet er i mindre grad differensiert og det lokale inntektsgrunnlaget for næringsdrivande musikarar og instruktørar er svakare enn ønskjeleg.

Arenaar og tilbod som legg til rette for eigenorganisert musikkaktivitet manglar i stor grad i Alver.





65% av innbyggjarane oppgir at dei er nøgde med amatørkulturtilbodet i Alver.

Tilbod til barn og unge er det som flest av oss seier me må prioritere.

45% av innbyggjarane vil prioritere kulturlokale og møteplassar

Mellom 20-25% av barn og unge oppgir at dei spelar eit instrument, som er høgast i fylket.

Alver har høg deltaking i korpsmiljøet med oppunder 800 aktive medlemmar.

Alver har under snittet musikarar og komponister

Kordeltakinga i Alver er noko under snittet, og det samla musikktilbodet er lite differensiert



Foto: Eskil Varhaugvik

## Korpsrørsla

Korpsa våre har god deltaking, høg frivilligheit, stor aktivitet og kompetanse og er ein viktig markør for Alver.

I over fire tiår har Manger Musikklag og Eikanger-Bjørsvik Musikklag vore blant dei beste brassbanda i Europa. I lag med åtte andre aktive og kompetente vaksenkorps utgjør desse ein sentral del av kulturlivet i Alver. Dei ti skulekorpsa i kommunen utgjør den unge delen av ein av dei sterkaste korpskommunane i landet.

Eit bevisst samspel mellom elitekorps, vaksenkorps, skulekorps og kulturskule har vore avgjerande for at korpsa våre har god rekruttering og drift, og tilgang på naudsynt kompetanse.

Manger folkehøgskule og Alver kulturskule er ein viktig del av musikkstrukturen i Alver, både for undervising, og som arbeidsplass. Folkehøgskulen er òg med på å tiltrekke nye krefter frå heile landet til korpsmiljøet vårt.

Tydeleg fokus på forbildearbeid, kompetanse, samarbeid, inkludering og konkurranseinstinkt er suksessfaktorar for korpsrørsla i Alver. Dette er utgangspunkt me skal byggja vidare på i planperioden.

Likevel har somme korps av ulike årsakar dei siste tiåra lagt ned aktiv drift, og me har korps som rekrutterer i krinsar med lågt folketal. I dag er det berre eitt aktivt janitsjarskulekorps i Alver.

Korpsa er slik sårbare og drifta krev mykje økonomisk. Relevante tilskotsordningar til ulike nivå er avgjerande.

Sal av rimelege direksjon- og instruksjonstenester frå kulturskulen skal vidareutviklast, og me skal sjå på høva for å etablere samarbeid om distriktsmusikarstilling som kan støtta korpsfeltet.

Medlemstalet har vore svakt aukande dei siste åra, men krev aktivt arbeid til ein kvar tid. Vaksenkorpsa er avhengige av rekruttering frå skulekorpsa, samstundes som dei er viktige forbilde for dei unge.

Me skal utvikla samarbeid om gode rekrutteringstiltak i Alver, med mål om gjere terskelen låg for å delta. Me skal sjå etter tiltak i SFO-tid som kan styrka rekruttering og aspirantarbeid.

## Kor

Koraktiviten i Alver er brei, med blandakor, damekor og reint mannskor. Fleire av kora er kulturarrangørar, som legg til rette for kulturproduksjonar

av høg kvalitet. Barnekor er eit viktig tilbod i mange av menigheitene våre.

Me har likevel eit noko lågare medlemstal i kora enn samanliknbare kommunar. Gode øvingslokale og aktivt rekrutteringsarbeid er viktig, og me skal sikra at det finst gode lokale for akustisk lydsvak musikk. Me skal sjå nærmare på samarbeid om tilbod i SFO-tida, og samarbeid om direksjons- og instruksjonskompetanse.

## Eigenorganisert musikkaktivitet

Det er få arenaar og møteplassar for eigenorganisert musikkaktivitet i Alver.

Me skal i planperioden leggja betre til rette for bruk av lokale til unge og vaksne som vil øva og produsera musikk. Sambruksperspektivet vert sentralt. Meieriet Frekhaug og samfunnshusa er viktige arenaar for eit felt som òg treng scener og teknisk kompetanse. Me skal sjå etter moglege eksisterande lokale som kan nyttast til å produsera musikk og kunne innreie studio- og øvingsfasilitetar.

Kulturskulen og ungdomsklubbane skal styrka satsingar på musikkproduksjon, komposisjon og sceneteknikk, og sikra aktuell og oppdatert utvikling og tilbod.

# ARENAUTVIKLING OG KULTURHUS

Alver har få kulturanlegg og -arenaar. Dette er eit av hovudspørsmåla i planperioden. Det er særleg øvings- og produksjonslokale og ein større produksjons- og kultursal som manglar. Saka om kulturhus er ikkje ny, og planen søkjer å finna konkret retning og løysing for eit regionalt kulturhus i Knarvik.

## **Planen definerer musikkarenaprinsipp som grunnlag for utgreiing og tiltak**

### *Hovudformål musikk og kultur:*

Regionalt kulturhus - akustisk fleksibelt  
Meieriet Frekhaug - forsterka lyd og film  
Kinosalen Manger - forsterka lyd og film  
Manger gymsal - akustisk lydsterk  
Lindås Soria Moria - akustisk lydsvak (+sterk)  
Musikkhuset Knarvik - akustisk lydsterk  
Gml Alversund - mellombels aku. lydsterk  
Nye Alversund - forsterka lyd øving, akustisk lydsterk

### *Sambruksformål*

Musikkrom og gymsalar - tilpassa aku. tiltak  
Kyrkjene - akustisk lydsvak  
Lagshusa - desentralisert tilbod

# Arenaane for kultur

## Infrastruktur og regionalt kulturhus

I planperioden skal me søkja felles retning for utvikling av kulturarenaar, og ta tak i etterslep i infrastruktur.

Me skal **på det eine nivået** løysa dette gjennom mange mindre tiltak i samspel med lokalsamfunn, aktørar og organiasjonar. Gode kulturarenaar er gode møteplassar for innbyggjarane.

Me skal kombinera fleire aktivitetar der det er mogleg, satse særleg på somme utpeika lokale der musikk er eit hovudformål, utbetra akustikken for akustisk lydsterk musikk og oppdater fasilitetar. Her vil summen av ei rekke mindre tiltak bety ei stor endring

Me skal sikra god sambruk i lokale som nyttast til musikkaktivitet, og støtta oppunder aktivitet og tiltak i organisasjonseigde hus.

Me skal stilla til disposisjon og utvikla lokale for eigenorganisert musikkaktivitet for ungdom og vaksne.

Me har gode framsyningslokale for forsterka lyd i Meieriet Frekhaug og kinosalen på Manger, og for akustisk lydsvak musikk i kyrkjene våre. Dette samspelet skal me fokusera på i planperioden.



Meieriet Frekhaug er hovudarena for forsterka musikk i Alver.

Me skal utvikla dei mindre kulturarenaane til å kunne i større grad verta nytta til scenekunst og dans. I planperioden skal me sjå etter etablering av dansegulv i Alver, som kan nyttast til undervisning, aktivitet og trim.

**På det andre nivået** er det eit stort behov for ein større produksjons- og framsyningsarena i Alver og Nordhordland, og me skal prioritera arbeidet med regional kulturhusfunksjon.

Eit kulturhus er eit stort økonomisk løft, som ein over lenger tid ikkje har hatt høve til å realisera. Me skal difor søkje samarbeid med fylket, Nordhordlandsregionen, næringsliv og frivilligheita for gjennomføring.

Sambruksprosjekt mellom fylkeskommunen og kommunale funksjonar innan kultur og idrett har vore ei satsing dei siste åra ei rekke plassar i fylket vårt.

Me skal tidleg i planperioden starta ein prosess med fylket og andre partnarar, med mål om å etablere kulturhusfunksjon i sambruk med ny vidaregåande skule i siste del av planperioden. Eit kulturhus må bevisst plasserast i kommunesenteret vårt, og me skal tidleg identifiserera funksjonsnivå som premiss for vidare planlegging. Eit regional kulturhus er ei hovudsatsing i planperioden

## Tre rekkevidder for kulturarenaane

I løpet av planperioden skal me arbeida etter prinsipp om tre ulike rekkevidder av kulturarenaar, som utfyller kvarandre.

Samfunnshusa skal vera dei lokale arenaane, som skapar identitet, utvikling, kompetanse og scener som nye talent kan utvikla seg på. Samfunnshusa treng kompetanseutveksling, frivilligheit og stabilt inntektsnivå, og me skal støtta utvikling, nettverksarbeid og aktivitet i husa.

Aktivitetshusa er mellomnivået, der kommunen legg til rette for fysisk profesjonelle rammer for kulturaktivitet som er på nivå over samfunnshusa, men som ikkje har regulær drift. Meieriet Frekhaug er ein slik arena, og i planperioden skal me utvikla kommunehuset på Manger i denne retninga.

Det regionale kulturhuset i Knarvik skal gi ein større produksjonsscene, gode produksjonsfasilitetar. Kulturhuset skal vera ein arena for scenekunst og konsertar for heile regionen, som ikkje dei mindre arenaane kan ivareta. Kulturhuset skal verta ein motor for attraktivitet og oppleving, men òg eit lokalt aktivitetshus for Knarvik, og skal husa breie kulturformål innan bibliotek, kulturskule, ungdom, kunst, øving, scenekunst og dans.

# Scenekunst, film og litteratur

I 2021 var det registrert under 2 000 kinobesøk lokalt i Alver, som er lågast blant samanliknbare kommunar. Denne statistikken er konsentrert om ein plass i kommunen. Det er få teater- og danseframsyningar i kommunen.

38% av innbyggjarane meiner at kommunen må prioritere det breie kunstfeltet.

Blant barn og unge i Alver er det færre enn snittet som har vore i teateret

Husstandens inntekt og utdanningsnivå påverker deltakingsnivået. Det er dei minste barna som i størst grad går i teater.

Kring 80% av barn og unge i Nordhordland oppgir å ha vore på kino våren 2022. Det ser ikkje ut som om utdanningslengde påverker deltakinga, mens ein kan sjå ei svak auke på husstandens inntekt. Deltakinga aukar med alderen.

## Scenekunst

Scenekunst er eit samleomgrep om kunstformer som vert presentert direkte for eit publikum. Scenekunsten er ein kollektiv kunstart med mange ulike profesjonar og er prega av tverrfaglegheit. Scenekunstfeltet skal takast omsyn til i eit regionalt kulturhus.

## Dans

Gode øvingslokale er ein føresetnad for at dansekunstnarar kan utvikla sin kompetanse. Som med all anna utøvande kunst, trengst det regelmessig trening for å oppretthalda og utvikla seg og kunstarten sin.

Dei siste åra har Alver kulturskule hatt stor pågang innan sjangeren dans og utvidar stadig tilbodet sitt for born og unge. Gjennom dansen kan ein utvikle koordinasjon, kreativitet, styrke, rørsle og musikalitet og er slik ein inngong både til musikken og til fysisk aktivitet i kvardagen for mange.

I planperioden skal me jobba for å få eigna danseøvings- og produksjonslokale for kulturskulen, koreografar og dansegrupper som vil utvikla nye framsyningar og aktivitetar.

Me skal støtta opp om miljø som jobbar med å vareta vår lokale, immaterielle kulturarv som til dømes folkedans og leikarring.

## Teater og scene

I Alver har me eit aktivt scenekunstfelt gjennom kulturskulen, spel og revylag. Alver har fostra fleire framtrédande skodespelarar, med bakgrunn i sterke revy- og scenemiljø. Rundt årtusenskiftet vart Håkonarspelet framført på Seim, og initiativ om nye spel er i gang på Eikanger. Dei siste åra har revylaga i regionen samla seg i Alverrevyen. Alver kommune skal støtta aktivitet innan teater, revy og scene, og styrke dramatilboda i kulturskulen

Alver mangler scener som kan ta mot større produksjonar, som gjer at vi har få teaterframsyningar. Historier som omhandlar Alver vert i liten grad fortalt her

I planperioden skal me difor aktivt arbeida saman med dei regionale nynorske teatera og regionalt nivå for å skapa fleire produksjonar tilpassa eksisterande sceneinfrastruktur.





*Meieriet  
Frekhaug og ulike  
samfunnshus  
er godt eigna  
for mindre  
sceneproduksjonar,  
her frå Alverrevyen*

*Dans er blant  
kulturskulens  
mest populære  
aktivitetar*



### **Film og kino**

Alver manglar regulær kinodrift, og innbyggjarane er i stor grad avhengig av tilboda i Bergen.

Alver kommune har bygdekinotilbod på Manger, i tillegg er det frivillig drifta bygdekino på Fammestad og filmtilbod i somme organisasjonshus.

Det er eit utviklingspotensiale i dei lokale tilboda, og Alver kommune skal støtta desse i planperioden.

Kinosalen på Manger og Meieriet Frekhaug skal vidareutviklast som kommunens filmframsyningslokale, til filmklubbverksemd, formidling, skular og kompetanse

Alver vert nytta som område for innspeling av film og TV. Me skal aktivt legge til rette for produksjonar, og stimulere til at historier vert fortalt med utgangspunkt i vårt område.

### **Litteratur og lyrikk**

Alver har halvparten så mange registrerte lokale forfattarar som landssnittet. Biblioteka har fokus på å kjøpe inn lokal litteratur for å støtta og bevare litteratur skriva av lokale forfattarar og litteratur om eller med handling i Alver.

Mykje av litteraturen og lyrikken som vert skriven i dag er sjølvpublisert, der det er vanskeleg som debutant å etablere seg hos dei store forlaga. Desse forfattarane må gjere heile arbeidet sjølv frå illustrasjon til

trykking og marknadsføring.

I planperioden skal me støtta opp og leggje til rette for at nye og etablerte forfattarar og lyrikarar an utvikle seg. Dette med tiltak som å halda samtaler, skape møteplassar for lesing og skriving, tilby kurs som skrivkurs, skaparverkstadar og teiknekurs, og oppretthalde gode støtteordningar for forfattarar og utgjevingar. Me skal støtta historieforteljing som tek utgangspunkt i Alver som område.

# Kunst

## Gjennom kunsten sikrar me fri ytring

I Alver bur det færre visuelle kunstnarar enn samanliknbare kommunar.

Barn og unge besøker utstillingar på nivå med samanliknbare kommunar.

Deltakinga er brei, men aukar noko etter utdanningslengde og hustandsinntekt.

38 % av innbyggjarane meiner kommunen må prioritere det breie kunstfeltet

### **Kunsten si samfunnsrolle**

Kunsten stiller spørsmål og presenterer oss for andre tenkjemåtar. Den gir estetiske opplevingar, er nyskapande, engasjerande, provoserande, får oss til å reflektera og gje oss nye innsikter og perspektiv av verda.

Kunsten skapar nye opplevingar for innbyggjarar og tilreisande og kan gi stadar ny attraksjonsverdi. Derfor skal me i planperioden sikra at kunsten er med som utgangspunkt for utforming av offentlege rom og areal.

Kunsten og kunstnarar gjer den lokale debatten rikare og dannar grunnlag for nye sosiale møteplassar i bygda vår.

Alver skal vera ein attraktiv kommune å opphalda seg i. Gjennom kunsten kan ein skape ein attraksjon som ein får lyst til å oppsøkjja, som skapar stadsidentitet og fleire tilfeldige møte mellom folk.

Me har få lokale der kunstnarar kan produsere. Derfor skal me sjå etter lokale som kan disponerast som atelier og studio. Me skal sjå om

Leivestadtunet og andre bygg kan nyttast til kunstnaropphald og samarbeida med kunstnarar og kunstlag om prosjekt og utvikling. Visuell kunst er av kulturskulens mest ettertrakta disiplinar.

### **Visningsstad for visuell kunst**

Stordelen av biletkunstnarar stiller ut lokalt, framfor regionalt, nasjonalt og internasjonalt.

Alver har fleire lokale kunstgalleri, for det meste privat- og frivillig drivne. Desse skal vera ein grunnleggande beryskje i lokalt kunstliv.

Alver har ingen etablerte institusjonar for visuell kunst og me manglar arenaar der både unge og etablerte kunstnarar kan eksperimentere med kunsten.

Derfor skal vi ta i bruk tilgjengelege lokale til kunstnar drivne visningsrom og atelierfunksjonar.

Ved etablering av regionalt kulturhus i Knarvik skal me leggja til rette for visningsstad for kunst med mål om god utvikling av kunstfeltet i kommunen.

### **Kunsthandverk og handverkstradisjon**

Kunsthandverket har sterke tradisjonar i Alver, mellom anna knytt til veving. Lokale tradisjonar innan steinmuring og smiearbeid er nært opp mot kunsthandverket, der menneskets historie og tradisjonar tydeleg skin gjennom.

Frivillige organisasjonar er pådrivarar for å ta vare på lokale handverkstradisjonar i kommunen. Dei gjer eit avgjerande arbeid for å føra både materiell og immateriell kultur vidare til nye generasjonar.

Me skal nytta oss av kunnskapen desse eldsjelene har, og hjelpa med formidling, slik at arven overlever og utviklar seg vidare.





### **Visuell utforming og estetiske kvaliteter i stadsutviklinga**

Medverknaden til planarbeida dei siste åra viser eit tydeleg behov for å fokusere på utsmykking, fargar og tiltak i det offentlege rom, i heile Alver. Utsjånaden til sentera våre vert problematisert i medverknaden, og tilbakemeldingane peiker til at desse må verte meir innbydande og ha eit betre visuelt uttrykk.

Studier viser at keisame strekningar gjer at det er færre som beveger seg. Auka fokus på interessante omgjevnadar og møteplassar har slik ein aktivitetsdimensjon.

Vellukka pilotprosjekt, dyktige organisasjonar og einskilde tiltak på Holme, Frækhaug, Lindås og Alversund viser vegen for korleis vi skal arbeida for feltet framover.

Derfor skal vi danne samarbeid mellom offentlege aktørar, profesjonelle aktørar, næringsliv, frivillige organisasjonar og byggeigarar, med utveksling av kompetanse og gode døme.

Vi skal utarbeida ein eigen kunststrategi, som eit operativt dokument for vidare arbeid og utvikling.



*Elevar frå ungdomsskule og vidaregåande var med å bygga kunstverket Ny Horisont på Frækhaug*

# KULTURNÆRING OG PROFESJONELL KULTUR

I Alver skal me fokusera på profesjonell kompetanse, arbeidsplassar, utvikling av den lokale kulturmarknaden og internasjonale samarbeid.

Omgrepet *profesjonell kultur* har innhald knytt til både kompetanse, erfaring og erverv. Profesjonell kompetanse og kulturnæringar er ein sentral del av kulturens infrastruktur, som òg amatørkulturen er avhengig av.

Dei profesjonelle utøvarane og kulturnæringane opererer innan ulike fagfelt, som biletkunstnarar, idrettsutøvarar, dansarar, trenarar, undervising, kunsthandverkarar, musikarar, komponistar, dirigentar, scenekunstnarar, fotografar, produksjon, regissørar, koreografar, forfattarar, filmskaparar, graffiti og gatekunst.

Alver er del av ein større arbeids- og kompetanseregion, ein posisjon som gir stor tilgang til kompetanseressursar. Kommunale tenester og frivillige organisasjonar er avhengige av denne kompetansen for at innbyggjarane skal

ha gode tilbod.

Likevel er den lokale marknaden underutvikla, og tala viser at innbyggjarane i Alver i liten grad nyttar seg av kulturtilboda i Bergen. Samstundes har dei få tilbod i eigen kommune. I Alver melder innbyggjarane om at dei i liten grad ser kulturtilbod som tilgjengelege. Her skiller Alver seg negativt ut.

Det er samstundes relativt sett svært få konsertar og andre sceneframsettingar, og få opplevingstilbod. Det er for få tilgjengelege lokale for utøvarar og grundarar, som studio og atelier.

Det er relativt sett få kulturinstitusjonar og kulturretta utdanningstilbod i Alver, som fører til at me har færre arbeidsplassar innan kulturfeltet enn storleiken på kommunen tilseier. Det same gjeld for idrettsfeltet. Likevel er

frivilligheita ein viktig oppdragsgivar for kulturnæringane i ei rekke samanhengar

Kulturnæringar utgjer relativt få arbeidsplassar, men er avgjerande for attraktivitet, tilbod og bulyst

I planperioden skal me gjera ein målretta innsats for å styrka kulturnæringane for å sikra kompetanse, publikumsutvikling og arrangørar, gi høve for nye tilbod og samarbeid og at fleire kan henta større delar av si inntekt her. Kommunen skal vere ein aktiv lokal innkjøpar av profesjonelle tenester og tilbod.

I Alver skal me ha sterke og føreseielege tilskot, som støttar oppunder profesjonell kunst- og kulturverksemd og innhaldsproduksjon, med basis i prinsipp om armlengdes avstand og ei

positiv tilrettelegging for eit mangfald av kulturverksemd, kunst og frie ytringar.

Me skal nytta det interkommunale administrative samarbeidet med Askøy, Øygarden og Bjørnafjorden (IKKUS) for kompetanseutveksling og samarbeid, for å minska kulturlekkasje til Bergen, og negative effektar av denne.

## **Attraktivitet og bulyst**

Næringslivet peiker på kor viktig det er å tiltrekke seg nok og rett arbeidskraft. I dialogen melder dei at Alver manglar tilbod og infrastruktur som potensielle tilflyttarar ønskjer, som breiare og tilgjengelege kulturtilbod, svømmehall, gode offentlege rom og opplevingstilbod. Desse innspela samsvarar med korleis innbyggjarane melder om låg tilgang og breidde i tilboda lokalt.



*Behovet for scener og arenaar er stort i Alver*

Me skal etablera samarbeid mellom næringslivet, kommunen og frivillig sektor, som brei finansiering av tiltak som styrkar attraktivitet og bulyst. Dette gjeld særleg kulturhus og svømmehall i regionsenteret, men me skal òg etablera samarbeid knytt til friluftslivssatsingar, utstyrssentralar og opplevingstilbod.

### **Internasjonale samarbeid**

Internasjonalt samarbeid gir lokal inspirasjon og engasjement. Gjennom internasjonalt samarbeid opnar me for nye perspektiv og mogelegheiter samt ein ny arena for å utveksla erfaringar og synspunkt med andre kulturar. Internasjonalt samarbeid er eit demokratisk verktøy.

Det finst eit stort utval internasjonale støtteordningar for å skape nye prosjekt, utveksle kunnskap og erfaringar. EU og Nordisk råd har fleire program som er opne både for frivillige lag og organisasjonar samt offentlege institusjonar og kommunar, som Aktiv ungdom, Kreativt Europa og Nordisk kulturkontakt.

I Alver skal me delta i slike samarbeid for kasta lys på Alver sine eigne moglegheiter og problemstillingar, og gi nye løysingar lokalt og bistå med finansiering.



# PUBLIKUMSUTVIKLING ARRANGEMENT



Mangerfestivalen



Hordabøhøllen

Knarvikmila er vårt største arrangement, og ein synleg markør for regionen i 40 år.

# Arrangementskommunen



*Konsertaktiviteten i Alver er svært mykje lågare enn samanliknbare kommunar og snittverdiar regionalt og nasjonalt. Det same gjeld for teater og dans.*

*34% oppga i 2019 at dei deltek som tilskodar på idrettsarrangement, som er betydeleg lågare enn landssnittet.*

*Barn og unge er i Alver i mindre grad på idrettsarrangement, teater og utstilling enn fylkessnittet, men noko høgare enn snittet for konsertar.*

Arrangement er ein viktig og synleg berebjelke i lokalsamfunnas kultur- og idrettsliv. Her finn me publikumsopplevingar, arenaar for konkurranse og deltaking, viktig økonomisk aktivitet for organisasjons- og næringsliv, og synlege aktørar som gjer idretts- og kulturkommunen Alver kjend.

I Alver har me fleire store arrangement med lange tradisjonar, som er svært synlege og av høg kvalitet. Knarvikmila har i 40 år stått for eit av landets største løpsarrangement, og har aktivitet heile året. Her samlast tusenvis av deltakarar i ulike aldrar og løpsklassar til variert løps- og konkurranseaktivitet. Få aktørar har sett området vårt på kartet på same vis.

Vidare er arrangement som Mangerfestivalen, Kvernbit Cup og Manger Cup viktige samlingspunkt og aktivitet for barn og unge. Arrangørar som Hordabø IL, Lindåsfest, Musikkens Venner, mållaga og Meland jazzkafe sørger for regelmessige arrangement av høg kvalitet gjennom heile året, som er godt besøkte.

Likvel har publikum i Alver tilgang til færre arrangement enn kommunestorleik og innbyggjartal tilseier, og me har for få arrangørar. Alver er, som mange kommunar i nærleiken av ein storby, prega av å ha eit svakare lokalt publikumstilbod enn kommunar som ligg lengre unna, og opplever ein grunnleggande kulturlekkasje. I eit slikt bilde kan det vere ekstra krevande å starte nye tilbod.

I planperioden skal me derfor jobba målretta med publikumsutvikling, nettverksarbeid på arrangørsida og komme nye initiativ i møte med rettleiing og støtte. Me skal stilla våre kultur- og idrettsarenaar til disposisjon for arrangørar på ein open og god måte. I arbeidet skal vi bygge på eit fellesskap i IKKUS-kommunane, der vi skal samarbeida på kompetanse, erfaring og gjennomføring av tiltak. Nynorskdagane skal vere utgangspunkt for kommunalt kulturfestivalutvikling, som tar nynorsk kultur inn i ein regional og nasjonal samanheng for alle aldrar, der særleg barn og unge skal finne tilbod.

# KULTURARV

## **Ei rik og mangfaldig kulturarv med stor tidsdjupne**

I Alver finn me kulturminne av både nasjonal, regional og lokal verdi som me av ulike grunnar bør ta vare på.

Me har også ein rik immateriell kulturarv som består av mellom anna dialekt, stadnamn, historiar og segn, folkemusikk og handverkstradisjonar.

Å vita kva me har, kva som er viktig å ta vare på, korleis me bør ta vare på det og korleis me skal formidla kunnskap om dette er avgjerande for å ivareta kulturarven inn i framtida.

Desse spørsmåla er omfattande. I tillegg til å peika overordna retning i denne planen, utarbeider me ein eigen temaplan for kulturmiljø, som skal ta føre seg problemstillingane på eit meir detaljert i nivå.

Kulturmiljøplanen skal også foreslå kva for kulturmiljø og einskildminne som bør få eit formelt vern gjennom omsynssone for bevaring av kulturmiljø eller føresegnar i kommuneplanen sin arealdel.

## **Aktørar innan kulturminnevernet**

Offentlege og private eigarar av kulturminne og kulturmiljø er den viktigaste aktøren innan kulturminnevernet, og vellukka bevaring er avhengig av at eigarar ynskjer å ta vare på kulturminnet.

Kommunen si rolle skal vere og bidra med råd og rettleiing, tilskot til restaurering, vere faginstans for kulturminnesaker, og sikra formell vernestatus på dei viktigaste kulturminna gjennom plan- og bygningslova. Me skal ta eit lokalt ansvar for kulturarven, og ha eit aktivt samarbeid med regional og nasjonal mynde.

Samarbeidet om bygningsvern fagleg kompetanse er avgjerande. Kulturverntenesta i Nordhordland hjelper eigarar i samband med restaurering av kulturminne, og med bygningsvern fagleg kompetanse i kommunale prosjekt. Ordninga skal vidareførast, men reforhandlast til eit oppgåvebasert samarbeid saman med fylket og kommunane. Ordninga kan òg danne grunnlag for bygningsvernssenter i Alver.

Frivilligheita er ein sentral del av kulturminnevernet, med å ivareta samlingar, formidla kunnskap om kulturarven og sørgje for oppsyn og formidling i kommunale kulturminne. Samarbeid mellom kommunen og frivilligheita skal styrkast i planperioden.



Lindås tuberkuloseheim frå 1927, teikna av Lilla Hansen. Bygget er eit svært viktig kulturminne i Alver.



Johannes H. Fosse i smia si på Fossesjøen. Opplæring og formidling av tradisjonshandverk og -kunnskap er avgjerande for å vidareføre kulturarven til nye generasjonar, og kunne nytte kunnskapen i nye samanhengar

## Museum og samlingar

I Alver har me eit museumsbesøk noko under landssnittet, men jamnstort med samanlikningskommunane. Alver ligg på snitt når det gjeld arrangement og utstillingar i musea. Deltaking blant barn og unge aukar med husstandens utdanningslengde og inntekt, men alle grupper er likevel godt representerte.

I Alver har me musea Lyngheiseret og Vestnorsk utvandringssenter, under Museumssenteret i Hordaland i Salhus. Begge musea har utviklingsplanar knytt til nye formidlingslokale, og er viktige partnerar for tilbod til barn og unge. Drifta er under press, og for å sikra brei finansiering til nye tiltak og drift skal Alver fortsett bidra med delfinansiering. Ein skal bidra til utvikling av Postmuseet på Feste, og styrka Bogatunet som levande formidlingsarena.

Nordhordland manglar magasin, og kulturhistoriske gjenstandar og har ein svært sårbar situasjon. I planperioden skal me løysa utfordringane i samarbeid med fylket og museumssenteret, og sjå etter tomt for større regionalt fellesmagasin i Alver.

Me skal òg kartlegga høva for formidling av gjenstandar, anten i samband med etablerte stader, nytt kulturhus eller som eit eige nytt museumsprosjekt med aktivitetsfokus. I planperioden legg me opp til å vurdere behova og høva for eit nytt museum i Alver, og kva for rolle eit museum kan ta i eit regionalt og nasjonalt perspektiv med blikk til eksisterande museum i fylket.

## Kommunale kulturminne

Alver kommune sine eigne kulturhistoriske bygg med museumsføremål, skal gjennomgåast for å kartleggja tilstand, kulturminneverdi og potensiale. Kartlegginga skal danne grunnlag for vurderingar om tiltak, eventuelle sal og nye eigarskap, som Nordanger gardsmuseum. Kommunen er pliktig å ta vare på den svært verdifulle løa i Alversund frå 1651, som skal nyttast til samling og formidling. I planperioden skal ein finne løysingar for tidlegare Lindås tuberkuloseheim, med svært høg kulturhistorisk verdi. Me skal vurdere Leivestadtunet til kunstnaroppdald.

## Arkiv

Radøy og Meland kommunar tok i mot fleire privatarkiv og bildesamlingar. Ein del av desse arkiva har deponeringsavtalar, men kommunen har overtatt eigarskapen for somme av privatarkiva.

Me skal etablere ein arbeidsstrategi for privatarkiv, som følgjer opp regional arkivstrategi for privatarkiv.

## Immateriell kulturarv

UNESCO sin konvensjon om vern av immateriell kulturarv har ført til auka respekt for og medvit om den immaterielle kulturarven.

I Alver kommune er det stort sett musea og frivillige organisasjonar som har tatt ansvar for bevaring av ulike former for

immateriell kulturarv. Sogelag og mållag har gjort ein stor jobb med å samla inn og dokumentera historiar, segn, ord, uttrykk og stadnamn og einskildpersonar som Arne Bjørndal, Kjersti Wiik og Linda Røyseth Sandhåland har samla og gjeve ut folkemusikk frå Nordhordland. Nordhordland husflidslag har dokumentert og formidla gamle handarbeidsteknikkar. Haakon Aase har løfta fram lokalt tradisjonsmurhandverk til eit nasjonalt nivå, og navarsmedane på Holsnøy representerer 200 år med handbåren kunnskap.

I planperioden skal me støtta tiltak som samlar inn, dokumenterer og formidlar kunnskap om lokal, immateriell kulturarv, og eksponera desse for nye generasjonar. Skular og barnehagar skal sikrast tilbod og kunnskap om lokal tradisjonskultur

## Kulturlandskap

Jordbrukets bruk av landskapet til å skaffa mat og ressursar har vore styrande for omgjevnadane våre, og i streng forstand er det lite landskap som er upåverka av mennesket. I Alver har me eit rikt og variert kulturlandskap, omfattande kystlyngheier og beiteområde i fjellet. Som kystkommune er fjordane, strandlina og sjøbruksmiljøa sentrale delar av vårt historiske landskap.

I planperioden skal me sikra verdiar i kulturlandskapet, i samarbeid med landbruket og lokal ressursutnytting.

## BREIDDETILBODET

# Alver kulturskule

*14 % av barn og unge deltek i kulturskulen vår. Samstundes spelar kvart fjerde barn eit instrument i vår region.*

*Det er fleire jenter enn gutar som går i kulturskulen, og skilnaden er størst i slutten av barneskulen. .*

*Husstandens utdanningslengde teller positivt på deltakinga, men kulturskulen har høgast deltaking blant låg- og mellominntektsushusstandar.*

*Gode rabattordningar, friplassar og inkluderande tilbod bidreg til at kulturskulen femnar breitt.*

Alver kulturskule skal vere synlege og til stades for flest mogleg i heile Alver. I planperioden skal vi auke deltakinga, etablera nye tilbod og sterke læringsssentre. Kulturskulen skal strekka seg etter 25 % deltaking i løpet av planperioden.

Alver kulturskule har og skal ha tilsette med høg utdanning og kompetanse, og eit breitt samansett fagtilbod. Vi skal ha undervisning innan alle musikkinstrumentgrupper og gi tilbod frå nybyrjar til vidarekomen. Kulturskulen skal vera eit kompetansesenter for kunst og kultur i Alver.

Læringsssentra våre skal styrkast med mål om å kunne tilby breie tilbod i ulike delar av Alver. Tenlege og tilpassa lokale er avgjerande, og vi skal flytte undervisningslokala på Manger til kommunehuset og ruste opp i Knarvik. Musikklokala i kommunen skal utgreiast akustisk, med mål om tiltak i planperioden. Ved realisering av regionalt kulturhus skal dette inkludere kulturskuleaktivitet.

For individuell undervisning er tilpassing av opplegg og progresjon ein sjølvsagt del av kulturskulekvardagen. Gruppetilbod som dans, visuell kunst og teater vert samansette etter geografi, alder og nivå for å nå flest mogeleg. Gruppene har storleik etter skjønn og gir gode høve for inkludering og



tilpassing av undervisning og progresjon. Ein lokalt tilpassa rammeplan skal gi retning og fellesskap for kulturskuletilbodet

Musikkterapi er kulturskuletilbodet utan øvre aldersgrense og femnar om elevar med svært ulike utfordringar og diagnosar. Kulturskulen skal samle innsatsen i regionen og bygga opp eit senter for musikkterapi.



Kulturskulen skal vera ein pådrivar for den sterke korpsrørsla i kommunen og syte for erfaringsutveksling og inspirasjon mellom laga og dei ulike kompetansmiljøa. Vi skal prioritera arbeid med distriktsmusikarstilling med messingkompetanse.

Lokal tradisjonskultur skal vera naturleg del av undervisningsåret, gjennom samarbeid med tradisjonsbærarar, komponistar, arrangørar, forfattarar og lyrikarar.

Kulturskulen skal ha eit tett samarbeid med grunnskular og barnehagar i grunnopplæringa, om tilbod i SFO-tida, lokale og informasjon til alle heimar i Alver. Kulturskulen skal ta aktiv del i den kulturelle skulesekken og spaserstokken, og etablera tilbod etter fargespelmetodikken. Rabattordningar og friplassar skal sikre brei deltaking på tvers av bakgrunn, for å forebygge utanforskap.



Alver kulturskule tilbyr undervisning i musikk, visuell kunst, dans, teater og musikkterapi til nesten 800 elevar, og har undervisning i heile Alver. Vi samarbeider òg om lærekrefter med dei ti skulekorpsa i kommunen.



**DEMOKRATI HUSA**

# ALVER BIBLIOTEK

Alver har fire bibliotek og ein bokbuss, som er lokalsamfunna sine møteplassar for kunnskap, samtale, formidling og litteratur.

Besøkstala for biblioteket er lågare enn gjennomsnittet, men har store geografiske variasjonar. I planperioden skal vi auke besøkstala der dei er låge og vidareutvikle der dei er gode. Vi skal ha oppdaterte og moderne fasilitetar, høg kompetanse og gode beteningstider, og yte tilbod til alle aldersgrupper i heile kommunen.



Knarvik bibliotek



Bokbussen i Alver





# Biblioteka sikrar kunnskap



*Alver har utlån, aktive lånarar, bokbestand og tilvekst av nye bøker litt over landssnittet.*

*Alver har under snittet besøk per innbyggjarar, men med store geografiske skilnadar. Nasjonalt ser me bruken aukar og at folk har høg tillit til biblioteket som institusjon*

*I underkant av 50% av barn og unge var innom biblioteka i Nordhordland våren 2022. Storparten av desse lånte bøker når dei var på biblioteket*

*Det er særleg dei yngste som besøker oss, mens ungdomsbesøket er lågare, særleg for gutar.*

*Husstandens utdanningslengde teller positivt på barns deltaking.*

*Biblioteket er eit breiddetilbod sder barn deltek likt uavhengig av husstandsinntekt.*

Nasjonal bibliotekstrategi omtalar biblioteka som synlege demokratihus, med mål om at biblioteka skal nå nye brukararar med litteratur og lesing, legge til rette for kunnskapsformidling og at dei digitale samlingane skal aukast. Ein skal nå innbyggjarar både i og utanfor biblioteka.

Alver bibliotek skal vere eit synleg, moderne, framtidsretta, nyskapande og attraktivt bibliotek, som skal vere ein møteplass for alle innbyggjarar. Me skal satse på gode, tilgjengelege lokale som kan brukast i dag og utviklast vidare med nye og gode tenester. For å få dette til skal både biblioteka på Frekhaug og Manger bibliotek inn i nye, tilpassa og moderne lokale som kan utviklast over tid, og etablert med meirope opningstid for eit styrka tilbod. Ved realisering av regionalt kulturhus skal dette inkludere nytt bibliotek.

Bokbussen er i slutten av levetida si og må fornyast. Tilbodet er avgjerande for skular og barnehagar, og gir folk i heile kommunen høve til å bestille bøker til plassar nært seg. Ny utsleppsfri bokbuss kan om mogleg anskaffast i lag med samarbeidande kommunar, og spørsmålet vert prioritert tidleg i planperioden.

Biblioteket skal vidare satsa på mangfald, inkludering, varierte og tilpassa tilbod til innbyggjarane, og motverke sosial ulikskap. Tilbod som utlån av datamaskinar, utskriftshjelp, verkstader, språkkafe og tilgang på aviser vil vere sentrale tilbod som utviklast vidare i lag med innbyggjarane i deira nærbibliotek. Biblioteket skal vere ein viktig møteplass for alle uansett inntekt

Nye digitale formidlingsløysingar vert avgjerande framover, ved nye moderne biblioteksystem og digitale løysingar for innbyggjarane.

Alver bibliotek skal på berekraftskartet og arbeide vidare for å dele kunnskap, material og lokale. Vi skal satse målretta på arrangement innan berekraft, skaparverkstadar, samtale og debatt i lag med det gode formidlingstilbodet.

Biblioteket skal inngå samarbeid med næringslivet om skaparfestival og liknande tiltak, med mål om å rekruttere ungdom til yrkeslivet i Alver.

# Ungdom

## UngAlver

19 % av unge 15 år og yngre er jamnleg på ungdoms- og juniorklubbar i Alver. Dette er høgast i fylket. Klubbane har brei deltaking, men treff aller høgast i låg- og mellominntektsfamiliar.


Likevel melder unge at dei i mindre grad er nøgde med tilgjengelege sosiale møteplassar og kulturtillbod. Trenden er sterkast blant eldre ungdom. Her skil Alver seg svært negativt ut i høve fylkes- og landssnittet

Unge opplever at dei er trygge i sine nærmiljø, og at dei har god tilgang til idrettsanlegg. Mange ungdom trenar på eigehand, og færre deltek i organiserte idretts- og kulturaktivitetar jo lenger utover i ungdomstida dei kjem.

Over 80% av unge i Alver mellom 16 og 26 år køyrer bil til aktivitetane eller sit på med andre. Berre nokre få prosent går til fots. Likevel er denne gruppa best på å ta kollektivt til aktiviteten sin, som kring 15% gjer.

Til planprosessane dei siste åra har unge meldt at dei har behov for:

- fleire uformelle møteplassar
- lenger opningstid i ungdomsklubbane
- ungdomklubb i Knarvik
- fleire juniorklubbar
- meir open hall
- fleire aktivitetar i feriane
- meir tilbod om gaming og e-sport
- at det er fleire som jobbar med ungdom og aktivitet i kommunen
- hjelp til sommarjobb
- auka medverknad i samfunnet og kommunen



*UngAlver driv ungdomklubar, MOT, ferieaktivitar, UngJobb, ungdomsråd, open hall, store ungdomsarrangement og UKM*

*Det er den tidlege ungdomstida som set størst fotavtrykk for at me som unge vaksne vel å flytte heim etter studiar og arbeid. Opplevinga av nærmiljø spelar ei vesentleg rolle. Ungdommen vår saknar særleg treffplassar og eit betre kulturtilbod*



*Ungdomsklubbane våre er ålmenne og tilgjengelege arenaar for sosial gaming*

Ungdomstilbodet har tradisjonelt stått i spenn mellom to utgangspunkt: det sosialfaglege og det kulturfaglege, og vektinga har endra seg over tid.

I Alver har me ungdomstilbod med utgangspunkt i aktivitet, kultur og inkludering, men med ei tydeleg sosial verktøykasse.

Gjennom gratisprinsipp og ei ålmann tilnærming, legg me til rette for inkluderande og kvalifiserande kultur møteplassar, med aktivitetar, arrangement, musikk, gaming, film, workshops og kurs.

Saman med sosialfaglege dimensjonar knytt til førebyggjande effektar på utanforskap, mobbing og rusbruk, dannar ungdomstilboda våre trygge

og gode rammer for unge i kommunen vår.

Kompetente ungdomsarbeidarar jobbar med opne og trygge relasjonar, som synleggjer ressursane dei unge har, og moglegheitene som står foran dei.

Medverknad og demokrati står sterkt i arbeidet, der ungdommane sjølv styrar, gjennomfører og utviklar aktivitetar og innhald.

I planperioden skal me styrka arbeidet vidare, med mål om meir opningstid i klubbane, meir open hall og ferieaktivitetar. Me skal fokusera på arenaar og stader der ungdom er etter skuletida, i lokal- og kommunesenter. Me skal sikra nok ressursar til MOT.

Kring 1 500 ungdommar oppheld seg kvar ettermiddag i Knarvik, og me skal realisera eit klubb- og møteplassstilbod i kommunesenteret tidleg i planperioden. Ungdomstilbod skal inn i eit regionalt kulturhus.

Ungdomsklubbane skal styrkast som arenaar for sosial gaming, og samarbeide med e-sportaktørane

Me skal styrka unges høve for påverknad, og utarbeida demokratiprogram.

Vi skal i større grad utvida perspektiva over til barnegruppa, mellom anna med juniorklubbtilbod og auka tilbod til målgruppa i feriar.



*Ung Kultur Møtast og ulike store ungdomsarrangement er ein viktig aktivitet og møteplass, som unge sjølv arrangerer, her frå Meieriet Frekhaug*

# Barnekultur

Barn tar del i kulturuttrykk på egne premiss

Barn er storbrukarar av kultur, og treng å oppleva og delta i gode kulturopplevingar.

I planperioden skal me styrka innsatsen for scenekunst, litteratur, film, spel og musikk for barn, og dra nytte av lokal kulturhistorie.

Me skal ha inkluderande aktivitetar og verkstadar i biblioteka, satsing på juniorklubbar, barneframsyningar i kulturlokala og samarbeide breitt. Kulturskulen skal vidareutvikla tilboda til barn under grunnskulealder

Frivillige arrangørar og organisasjonar er nøkkelaktørar i vidare utvikling og styrking.

Bokbussen skal verta ein litteratur- og formidlingsbuss, som styrkar tilboda i skular og barnehagar

## Den kulturelle skulesekken

Den kulturelle spaserstokken (DKS) skal vere eit sentralt verktøy i kommunens arbeid for kulturtilbod til barn i skulane.

Samstundes er det eit tydeleg behov i barnehagane for eit liknande tilbod som den kulturelle skulesekken gir.. Erfaringar frå einskilde kulturprosjekt me har hatt i Alver sine barnehagar er svært positive, og vi skal etablere ein **kulturell beremeis** i planperioden.

Me skal derfor rullere DKS-planen vår til ein ny strategi, i lag med beremeis- og spaserstokktilboda.

Nye forvaltningssystem for DKS gir foresterka høve til breie og gode kommunale tilbod. Det skal derfor




Foto: Johan Leiva / Alver kommune



75% av oss oppgir at den aller viktigste prioriteringa må vere tilbod til barn og unge.

*Alver kulturskule har undervising på fiolin og cello*



utgreiast kva det vil bety å verte direktekommune. Barn treng trygge kulturarenaar, der dei kan uttrykke seg i lag med andre på eigne premiss

I Alver sikrar me barn og unge si rett til å delta i leik og fritidsaktivitetar, som passer barnets alder, og rett til fritt å delta i kulturliv og kuntnarisk verksemd

I Alver arbeider me for at barn og unge jamleg kan delta i minst ein fritidsaktivitet i lag med andre, og dei skal sjølve kunna påverke tilbodet sitt.

# KULTUR

NÅR ME VERT FLEIRE  
SENIORAR OG ELDRE





*Berre 40% av aldersgruppa 60-75 år er nøgde med kulturtilboda*

*Denne gruppa er dei som i størst grad går til aktivitetane sine. Likevel brukar 3 av 4 bil ,og få reiser kollektivt.*

*Over halvparten i aldersgruppa over 75 år er nøgde med kulturtilboda, men er i enno større grad avhengig av bil.*

*Kvinner i aldersgruppene deltek i større grad i organiserte tilbod enn menn*

*Kring 60% av oss oppgir at vi bør prioritere tilbod til eldre*

Seniorkultur som omgrep er lite treffsikkert, der våre kulturbehov og -ønskje i liten grad definerast av spesifikke alderstrinn i vaksengruppa. Likevel auker helse- og mobilitetsutfordringar med alderen, som kan gjere kulturtilbod mindre tilgjengelege for oss.

Den demografiske utviklinga viser at me får fleire eldre i samfunnet enn før, og Alver har behov for ei tydeleg retning for kultur- og aktivitetstilbod for eldre.

Likevel er helseutfordringar som kan avgrense deltaking noko som kan gjelde for fleire aldersgrupper. Me treng derfor differensierte tilbod, som til ei kvar tid er oppdaterte og aktuelle, og som nyttar seg av forskning og erfaringsutveksling.

Seniorane har behov for sosiale arenaar, gode kulturtilbod og aktive kvardagar. Mange har god helse, tid og høve til å vere aktive og bidra

i lokalsamfunna sine. Denne krafta skal me utvikla og leggja til rette for i planperioden.

#### **Den kulturelle spaserstokken**

Den kulturelle spaserstokken (DKSS) er ei nasjonal satsing som bidreg til profesjonell kunst- og kulturformidling av høg kvalitet for eldre. DKSS skal medverke til at eldre i kommunen får eit tilpassa kulturtilbod på arenaer der dei held til i dagleglivet.

For å sikre dette skal Alver kommune arrangere tilpassa konsertar og kulturopplevingar på ulike arenaer, både i og utanfor institusjonane, i samråd med brukarar og aktivitetørar.

DKSS-ordninga er underfinansiert samanlikna med behovet, og i planperioden skal Alver jobbe for å få auka finansieringa lokalt og eksternt.

#### **Musikkterapi og demenstilbod**

Me skal tidleg i perioden samla ressursane innan kultur og helse

til eit fellesskap gjennom eit musikkterapisenter.

Demensgruppa skal særleg takast omsyn til, inkludert yngre demente. Dei skal sikrast eit aktuelt og terapeutisk tilbod som baserer seg på ny forskning og nye bevegelsar i tida.

Dette skal vidare stå i samband med å sjå etter høva for å opprette eit demenskortilbod i Alver.

#### **Målgruppedifferensierte tiltak**

Einsemd og utanforskap kan slå sterkare inn etter ein går ut av arbeidslivet. Særleg seniormenn deltek lite på organiserte arenaar.

Me skal styrka arenaar og tilbod for både kvinner og menn, men særleg vidareføre og styrke satsingar knytt til å skape arenaar for seniormenn.

*Ganglaje er ein av fleire aktive og sosiale turgrupper i Alver, her samla på Kårbø*

*Foto: Ane Bysheim / Adobe*

# Inkludering og mangfald

I 2022 markerte Alver for første gong pride med flagging på rådhus og kommunehusa

## Alver som inkluderande samfunn

Fleire fargar Alver



Internasjonal kafe Frekhaug

### Mangfald

Kunst- og kultursektoren oppgir at dei i stor grad er opptatt av og jobbar med mangfald. Mange verksemder knyter til seg aktørar med minoritets- og fleirkulturell bakgrunn, men at dei i mindre grad har tilsette med denne bakgrunnen, eller med nedsett funksjonsevne.

I Alver har me fleire tiltak som retter seg mot å auka deltakinga frå synlege minoritetsgrupper, særleg knytt til busette flyktningar. I planperioden skal me styrka og utvida desse perspektiva, i tett samarbeid mellom frivilligheita, kyrkjesamfunn, kommunale tenester og frivilligsentralane. Migrasjonssenterperspektiva hos Vestnorsk utvandringssenter skal nyttast som ressurs.

Biblioteka våre skal vera ein open møteplass for mangfald, der nye innbyggjarar skal ha ein læringsarena, tilgjengeleg hjelp og system til å orientere seg i samfunnet og gi høve til å påverka beslutningsprosessar.

Sjølv om organisasjonar og kommunar i mange år har hatt fokus på inkludering av innvandrarar og synlege minoritetar, kan det ofte vere ei usikkerheit knytt til korleis ein skal gå fram og om tilboda

er interessante. Ved å inkludera innvandrarar i utforminga av tilboda kan dette gi grunnlag for vidare deltaking i andre ordinære aktivitetar. I planperioden skal me styrka dette arbeidet, og målretta etablera arenaar som innvandrarar og synlege minoriteter kan påverka.

Me skal utgreia behova for å etablera rådsfunksjonar for innvandrar i Alver, og auke treffsikkerheita på kommunale tiltak.

Frivilligsentralane er ein viktig møteplass mellom busette flyktningar og innvandrarar og lokal frivilligheit. Her fokuserer ein på mellommennesklege møte og tiltak der innvandrarar sjølv går inn som frivillige. Me skal satsa på dette perspektivet som del av frivilligsentralane.

Det er særleg idrett og livssynsorganisasjonar som i første rekke har deltaking frå innbyggjarar med innvandrarbakgrunn. Her kan manglande språkkunnskapar vere mindre avgjerande, og aktiviteten føregår på arenaar som har fellestrekk på tvers av landegrenser. Me skal ta utgangspunkt i aktivitetar som har internasjonale fellestrekk, for å danna oss erfaring med tiltak som kan

skapa auka deltaking. Kulturskulen skal vidareføra og utvikla arbeidet frå dei siste åra med Fleire Fargar Alver.

Slik skal vi aktivt utvida inngangsportar til deltaking for innvandrarar og synlege minoritetar.

### LHBTIQ - legning og seksuell orientering

Det er få studier som går inn på legning og lhbtqi-personars deltaking i fritidstilbod. For ungdom viser likevel tala at det er få skilnadar mellom skeive og heterofile ungdommar, og at deltakinga er høg uavhengig av seksuell og kjønnsmessig orientering.

Likevel kan underliggande årsakar ligga til grunn, der til dømes skeive unge vaksne kan dreie aktiviteten sin vekk frå ålmenne arenaar, eller halda si orientering og situasjon skjult, noko som særleg utfordrar deltaking i lagaktivitetar.

Tala viser at lhbtqi-personar generelt deltek i organisasjonslivet i noko større grad enn andre, og i større grad har eit aktivt sosialt liv. Innan idrett er det særleg homofile menn som har lågare deltaking, mens andre grupper deltek på eit meir jamt nivå. I planperioden skal me aktivt samarbeida om å danna trygge arenaar og inkludera flest mogleg i kultur- og idrettsaktivitetar. Vi skal ha eit breitt kulturområde som er opent og





inviterande for alle, og vi skal markera mangfald.

### **Sosio-økonomiske hindringar**

Ei stor utfordring er sosio-økonomiske skilnadar i samfunnet vårt, og desse slår òg inn i Alver. 20% av oss oppgir at dei har økonomiske vanskar, noko som er nært fylkessnittet.

Tilgjengelegheit, hustandsinntekt og utdanningsnivå er dei viktigaste faktorane som påverker i kva for grad me deltek og brukar kultur- og idrettstilboda våre, med store skilnadar mellom ulike aktivitetar.

Landsnittet for trenings- og medlemskontingenter i idretten var i 2020 1 200 kr for 9-åringar og 2 000 for 15-åringar. I tillegg kjem svært varierende kostnader til utstyr, klede og deltaking på arrangement. I Alver har idretten lågare kontingentnivå enn mange andre kommunar, og særleg barneidretten kan i enkelte disiplinær vere ein svært rimeleg aktivitet i Alver.

Nasjonale studier viser at kostnadsbildet i større grad er ein vesentleg faktor i større byar, og i mindre grad utanfor desse. Ambisjonsnivået for den aktuelle aktiviteten påverkar dette vidare.

Det er behov for eit grundig analysearbeid, som samanstillar barnefamiliepanelets tilbakemeldingar på enkeltidrettar, nasjonale tal på deltakingkostnad for dei same idrettane,

saman med idrettsindeksens tal på Alver sitt idrettsbilde og deltakingnivå innan enkeltidrettar.

Med eit slikt analysearbeid skal me danne grunnlag for målretta tiltak, med bakgrunn i påverknad frå sosio-økonomiske lokale tilhøve for deltakinga i kommunen vår.

Innan korps, kulturskule og kor ser Alver ut til å ligge på eller noko under snitt når det gjeld kostnadsbildet for deltakarane. Organisasjonane melder generelt at dei er bevisst sine nærmiljø og jobbar for at alle får delta. Økonomiske konsekvensar for organisasjonsdrifta vert i liten grad problematisert, og tidvise kommunale målretta ordningar vert i liten grad nytta. Også kommunale tenester samarbeidar breitt for å sikre deltaking.

I Alver oppgir innbyggjarane vidare at ein opplever god tilgjengelegheit til idrettsanlegg og -tilbod. Likevel har me låg deltaking i barneidretten. Korps og kulturskule er meir kostbare enn dei rimelegaste barneidrettane, men her har Alver høgare deltaking enn snittet. Den høge andelen bilbruk til aktivitetar kan vere ein barriere.

Med utgangspunkt i dette komplekse bildet på sosial økonomi og deltaking skal me etablere målretta tiltak for å inkludere flest mogleg i kultur- og idrettsaktivitetar uavhengig av husstandens økonomi. Me skal fokusera på breiddetilbod, gratistilbod, friplassar og systemarbeid

som bidreg til at me får delta på ålmenne arenaar med minst mogleg påverknad frå fattigdoms- og helseproblematikk i husstandane.

### **Menneske med nedsett funksjonsevne**

Personar med funksjonsnedsettingar deltek i mindre grad enn befolkninga elles, og mange har eit ønske om å delta meir. Menneske med nedsett funksjonsevne har rett på å delta i kulturlivet på lik line med andre, og kunne realisera sine eigne ønske for fritidsaktivitetar.

Me skal i planperioden senka tersklar for deltaking i kultur, idretts- og fritidstilbod, og tilrettelegge gjennom forenkling og digitalisering. Me skal jobba i lag med kultur- og organisasjonsliv for å bidra til at barn og unge med funksjonsnedsetting kan jamnleg delta på fritidsaktivitetar.

I anleggsutviklinga i Alver skal me ta omsyn til paraiddrettens behov.

Vi skal utvikladei gode og tilgjengelege turvegane i tilknytning til sentera, som ved Kvassnesstemma, Brækkeløypa, Mangersløypa, Kolås og Byngja. Vi skal finne ei ny løysing for det avbrutte turvegspørsmålet ved Frekhaug.

Me skal samla kreftene innan musikkterapifeltet, og sikramenneske med funksjonshemming tilgang til eit relevant og godt kultur- og aktivitetstilbod, med tettare samarbeid mellom kommunale tenester og frivilligheita.

*Den universelle tilkomsten til dagsturhytta Sjøbua i Byngja er tilrettelagd i dialog med råd og interesseorganisasjonar*



Foto: Alver kommune

# LIVSSYN

I Alver er det eit stort tal livssynssamfunn, meinigheiter og religiøse fellesskap i heile kommunen. Mange deltek i samfunn i Bergen, men vi har òg samfunn som har medlemmar frå Bergen.

I underkant av 50% av innbyggjarane oppgir at dei er nøgde med tilbodet innan trus- og livssynssamfunn.

Mellom 15-18% av ungdommar deltek jamleg i livssynssamfunn, synkande med alder, mens 11% på 5.-7. trinn deltek. 12% av innbyggjarane over 16 år deltek aktivt.

76% av oss er medlemmar i Den norske kyrkja, med 14 kyrkjer og fem sokn.

Kyrkja driv gravplassar, seremonifunksjonar, diakonalt arbeid, og har ei viktig samfunnsrolle i heile Alver



# Livssynsopne Alver



Alver har eit rikt mangfald av trus- og livssynssamfunn og høg deltaking. Mange deltek òg i ulike samfunn i Bergen. Kyrkja og dei ulike trus- og livssynssamfunna har mange frivillige, som gjer ein stor innsats for livssynsfeltet, og som sørgjer for at samfunna og kyrkja kan vere gode kulturarenaar og møteplassar.

Kyrkjene våre er viktige hus for lokal kunst og kultur, og ein tydeleg del av kulturarven. Mange har god nytte av eit rikt kulturliv i trus- og livssynssamfunna, gjennom seremoniar, forsamlingar og arrangement. Alver støtter kunst- og kulturaktivitetar i trus- og livssynssamfunna, og utviklinga av lokala som vert nytta til opne aktivitetar.



I Alver er kyrkjene og livssynssamfunna viktige delar av den kulturelle infrastrukturen. Rammene for trus- og livssynsaktiviteten skal vere gode i Alver, og kommunen skal aktivt støtte dette.

I Alver samarbeider me tett mellom kommune og kyrkje, og Den norske kyrkje sine seremonielle funksjonar og lovpålagte oppgåver skal ha føreseielege vilkår.



Alver er eit livssynsopne samfunn, som støtter eit mangfald i trus- og livssynsfeltet, der alle livssynssamfunn skal ha føreseielege moglegheiter.

Meieriet Frekhaug skal vera kommunens seremonirom, og ein skal følgje opp behovet i arbeidet med regionalt kulturhus

# Frivillighet

## Det sosiale fellesskapet

### **Frivilligheita i endring**

Forskning viser ei gradvis endring frå medlemsbasert til oppgåvebasert frivillighet sidan 1980-talet. Den totale norske dugnadsinnsatsen er likevel jamn.

Dette inneber at frivillighet som inneber langvarig faste forpliktingar vil ha vanskelegare rekrutteringsforhold i planperioden, tendensar vi allereie har sett i Alver dei siste åra.

### **Deltaking i organisasjonar**

70% av oss oppgir å på ulike måtar ha ei deltaking i lag og organisasjonar og tilboda der. Alver ser ut til å ha relativt sterk frivillig deltaking, men kunnskapsgrunnlaget viser ikkje at Alver peiker seg særleg ut opp mot snitt når ein ser på dei store tala.

Dette kan dels ha bakgrunn i lokalgeografiske variasjonar og lokale

styrkeforhold mellom ulike typar frivillighet. Frivillig innsats viser seg på ulikt vis rundt i Alver, utan at det i seg sjølv seier noko generelt om den grunnleggande styrka i lokal frivillighet. Det er frivillighetsfelt vi i mindre grad har i Alver, som påverkar totalbildet.

### **Motivasjonar oppgitt i Alver for å delta aktivt i lokalt lag- og organisasjonsliv:**

- Det sosiale fellesskapet (aukande med alder)
- Eiga interesse (sterkast for 45-60 år)
- Bidra til å styrke lokalsamfunnet
- Ønskje om å skape ein positiv forskjell
- Fysisk aktivitet
- På grunn av barnas interesse
- Møte nye mennesker
- Styrke kompetanse og lære noko nytt

I underkant av 30% av oss oppgir å

delta aktivt samstundes som vi har ein form for ansvar i aktiviteten og organisasjonen. Det er særleg dei som har verv som oppgir motivasjon knytt til å skape ein positiv forskjell og interesse i aktiviteten.

### **Årsaker oppgitt i Alver som hindrar deltaking i lokalt lag- og organisasjonsliv:**

- Manglar tilgjengeleg tid
- Finner ikkje noko som interesserer
- Vanskeleg å kombinere med andre forpliktingar
- dårleg helse (60+ år)

Mangel på tid ser ut til å vere hovudhindringa, og yngre vaksne har størst utfordring med å kombinere med andre forpliktingar. Aldersgruppa 30-44 er mest usikre på kvifor dei ikkje deltek, mens dårleg helse er ei viktig årsak for aldersgruppa over 60.



Over 600 lag, organisasjonar og samanslutningar er registrert i frivilligportalen vår, som er eit samskapande register over aktivitet, tilbod og organisasjonar.

*Samarbeida mellom kommunen, Alver idrettsråd og Alver kulturråd er avgjerande for god og heilskapleg utvikling av Alver. I planperioden skal samarbeidet vidareutviklast og vi skal stimulere til idretts- og kulturrådssamarbeid på tvers av kommunegrensar.*



*Unge er viktige leiurar, trenarar og arrangørar, og sentrale for gode tilbod og utvikling*

## **Frivilligheita som drivkraft i lokalsamfunna**

Frivilligheita er grunnleggjande del av lokalsamfunna, og representerar innsats, tradisjonar og kunnskap i heile kommunen.

Frivilligheita si kraft ligg i å ta tak for samfunnet rundt seg, løysa oppgåver og behov, tilby møteplassar mellom menneske og inkludera i nye aktivitetar. Frivilligheita er òg ein sentral del av beredskapen vår.

Frivilligheita er fri og styrer si eiga tid og ønskje. Frivilligheita utviklar seg på eigne premiss. Likevel er koordinering av innsatsen sentralt, om det er i regionale bindeledd, kulturråd og idrettsråd, eller kommunale koordinatorar og funksjonar.

Kommunen har slik ei viktig rolle og legge til rette for ny og auka aktivitet, og for å danna moglegheiter for dugnadsarbeid og frivillig innsats.

I planperioden skal me i breie samarbeid vidareutvikle arbeidet med å skape desse moglegheitene, med mål om å bygga opp under og tilrettelegge for at frivilligheita kan nytta si kraft i lokalsamfunna i samarbeid med kvarandre og kommunen.

Vi skal identifisera kvar og på kva måte frivillige kan avhjelpe viktig fagleg

kompetanse i kommunale tenester, der oppgåvebasert frivilligheit er mogleg og tenleg.

Vi skal strategisk tilpassa oss endringa frå medlemsbasert frivilligheit.

Endringar til oppgåvebasert frivilligheit vil krevja mykje av organisasjonane i planperioden, og i Alver skal vi retta særleg merksemd mot utfordringar frivilligheita opplever.

I Alver skal me ha sterke og føreseielege tilskotsordningar, som støttar oppunder frivillig kulturaktivitet og innhaldsproduksjon.

### **Alver frivilligsentralar**

I Alver driftar kommunen tre frivilligsentralar - i Knarvik, på Frekhaug og på Manger, som synlege og kjende møteplassar for lokalsamfunna.

Manger starta drifta i 1992, Knarvik i 1996 og Frekhaug i 2010, og frivilligsentralane vår er del av eit nasjonalt fellesskap på over 480 sentralar i over 300 kommunar.

Frivilligsentralanes formål er å støtta opp under lokal frivilligheit og vera eit bindeledd mellom frivillig og offentleg sektor. I planperioden skal vi styrka og vidareutvikla dette. Møta mellom menneske skal vera ein grunnpilar i drifta

Frivilligsentralane våre er blant våre fremste pilotar, prosjektutviklarar og synlege innovatørar for nye tilbod og aktivitetetar. Med utgangspunkt i samarbeid og ønskje frå lokal frivilligheit, er sentralane bindeledd til nye trender og moglegheiter, ulike kommunale funksjonar og overordna fagperspektiv.

Frivilligsentralane skal òg vidareutvikla seg som digitale hjelparar, som gir innbyggjarane kompetanse og høve for å få informasjon om tilbod, ordningar og aktivitetar i Alver.

Oppgåva sentralane har i å gå foran skal utdjupast og vidareutviklast i planperioden, og me skal nå fleire målgrupper i samfunnet med særleg fokus på barn, unge og unge vaksne.

Frivilligsentralanes fellesskap i Alver skal styrkast ovarfor publikum, brukarar og samarbeidspartar med felles profilering, som likevel tek vare på den lokale dimensjonen til kvar sentral.

Frivilligsentralene våre skal vere den framste fagressurs for frivilligheit, og skal koordinere behov og moglegheiter i samarbeid med koordinatorfunksjonar i ulike kommunale tenester.

Ein skal i planperioden ha ambisjon om ny frivilligsentral på Lindås, som del av Alver frivilligsentralar.

# Klima og miljø

## **Transport til aktivitetar**

Kring 80% av innbyggjarane i Alver oppgir at dei nyttar bil til og frå aktivitetane dei driv med. Det er relativt små geografiske skilnader, men dei med heimebuande barn køyrrer i noko større grad enn dei utan.

Det er særleg i aldersgruppa 30-59 at me køyrrer mykje, og her nyttar berre 1% buss. I aldersgruppa under 16-29 tar 11% buss, men berre 6% går. Det er aldersgruppa 60 - 75 som går mest til aktivitetene sine, med 14%.

Totalt er det berre 3% som nyttar kollektivtransport regelmessig, 2% som sykklar og 9% som går.

Kollektivtilbodet er i liten grad tilpassa for aktivitet på ettermiddag, og mange i Alver kan oppleve at dei ikkje kjem seg heim med buss utover kvelden. Høg grad av vaksenavhengig transport kan vere ein barriere for deltakinga blant barn og unge..

Høva for å ta seg fram utan bil på ein trygg og attraktiv måte er sterkt varierende i Alver, men både Knarvik, Alvermarka, Frekhaug, Lindås og Manger har fortau og gangvegar mellom bustadområde og aktivitetsanlegg. Over 40% av innbyggjarane bur i tilknytning til desse sentera, noko som tilseier at mange fleire i desse sentera kan gå og sykle enn i dag.

I planperioden skal me jobba i samarbeid mellom kommune, næringsliv og frivilligheita for at fleire skal gå, sykla og ta

buss til og frå aktivitetane sine, gjennom felles bevisstgjerung og satsingar i lag med det organiserte fritidstilbodet.

## **Deling og gjenbruk av utstyr**

Kultur- og idrettsorganisasjonane har lang erfaring med å dela og gjenbruke utstyr og materiell. I dei siste åra har dei kommunale utstyrssentralane og frivilligsentralane utdjupa og utvida dette perspektivet. På same tid er folkebiblioteka våre ein grunnleggande og erfaren arena for deling av materiell, utstyr og kunnskap.

I planperioden skal vi vidareutvikla deling av utstyr og materiell i Alver, i eit samarbeid mellom næringsliv, frivilligheita, utstyrssentralar, frivilligsentralar og bibliotek. Me skal ha partnerskap med næringslivet.

Utstyrssentralane våre skal utviklast vidare for aktivitet, utstyrsdeling og opplæring i heile Alver.

Vidare skal me fokusera på kompetanse, tilgjengelege verkstadar og tilgang til delbare framkomstmiddel som samla bidrar til å redusere klimautslepp ved å påverke persontransporten og skape merksemd om klimavennelege alternativ.

I biblioteka deler me kunnskap og kultur på fysiske og digitale flater, på ein trygg, uavhengig og fri møteplass. Her deler innbyggjarane informasjon om samfunnet rundt seg, på ein likestillings- og

mangfaldsarena som me har stor tillit til.

Innbyggjarane skal ha tilgang til skaparverkstadar i biblioteka og frivilligsentralar og kunne ha tilgang til utstyr i sambrukslokale.

Ved å dela, gjenbruka og tilgjengeleggjere skal kultur- og idrettsfeltet bidra til å redusera klimaavtrykk og -utslepp.

## **Eit miljøvennleg kultur- og idrettsliv**

Me skal sikra ei grønare anleggsutvikling, der anlegg for idrett og friluftsliv ikkje skadar ytre miljø og natur, og at klimautsleppa vert minimert. Me skal ta vara på anlegga våre og sikra eit godt vedlikehaldsnivå, og er bevisst på urørt natur som ein verdi for friluftslivet.

I Alver kjeldesorterer me og sikrar god handtering av avfall ved arrangement og i kommunale lokale. Me unngår eingongsprodukt av plast og søker etter produkt som minimerer avfallsmengde og ressursbruk.

I planperioden skal me sjå til miljøkrav i anskaffingar og innkjøp innan kultur- og idrettsfeltet, og drifta på ein miljøvennleg måte.

Me skal fremja biosfæreområdet og bruk av lokale ressursar som stein, ull, utmark og tre, til å skape ny verksemd, produkt, kunst og internasjonale berekraftsperspektiv.

Me skal i planperioden sjå etter og utnytta ubrukt bygningsmasse til aktivitet, også på mellombels basis, for å sikre god ressursutnytting.

## Kulturvern i eit

### bærekraftsperspektiv

Regjeringa har sett som mål at i 2030 skal utsleppet av klimagassar vera redusert med 50 til 55 prosent sammenlikna med referanseåret 1990.

Tal frå IEA i 2013 viser at byggesektoren står for om lag 40 prosent av det globale energiforbruket, og om lag 30 prosent av det globale klimagassutslippet.


Sintef rapporterer at det tar opp til 80 år før eit nybygg utliknar klimagassutsleppa frå byggeprosessen, og at rehabilitering av eksisterande bygningar er det beste for miljø og klima på kort og mellomlang sikt. Riksantikvaren har lagt fram gjenbruk av kulturminne kan vere kulturarvfeltets hovudbidrag til å redusere klimagassutsleppa

Rehabilitering av bygningar framfor riving og nybygg er eitt av tiltaka for å nå klimamålet. I planperioden skal me difor arbeida for å identifisera og synleggjera høva for å i større grad ta i bruk eksisterande bygningsmasse, òg på mellombels basis.

Me skal fremja rehabilitering og gjenbruk av eksisterande bygg framfor riving og nybygg, og tiltak som fremjar gjenbruk av bygningsdelar. Ved vurdering av miljøvenelge rehabiliteringstiltak på bygg skal me ta omsyn til kulturelle og historiske verneverdiar.

*Utstyrssentralane i Alver har etablert seg som eit fast tilbod, i tett samarbeid mellom kommune og frivillige. I planperioden skal vi utvikle tilbodet vidare til nytte for heile Alver*










Foto: Alver kommune / Ruben Soltvedt / Eskil Varhaugvik / Ane Bysheim



# Kjelder

## og føringar

Alver kommune 2019. Moglegheits- og utfordringsdokument.

Alver kommune 2019. Møteserie med lag og foreningar (1), og korps (2) i samband med ny kommune.

Alver kommune 2019. Brukarundersøking Strilabiblioteket.

Alver kommune 2020. Plan for den kulturelle skulesekken 2020-2024.

Alver kommune 2020. Strategi- og styringsdokument samfunnsutvikling.

Alver kommune 2020. Forprosjekt Manger kommunehus til kultur- og aktivitetshus.

Alver kommune 2021. KDP Helse og omsorg, tema velferd og sysselsetting, rapport frå workshop.

Alver kommune 2021. KDP Helse og omsorg, tema rehabilitering og psykisk helse og rus, rapport frå workshop.

Alver kommune 2021. KDP Helse og omsorg, tema leve heile livet og eldrehele, srapport frå workshop.

Alver kommune 2021. KDP Oppvekst. Rapport frå intern undersøking.

Alver kommune 2021. KDP Oppvekst. Innspel frå referansegrupper.

Alver kommune 2022. Melding frå folket, Nærserterrapport, Samtale med råda, Mitt Alver, Digital samfunnsdialog, Melding frå administrasjonen, Tenketank med næringslivet. Samfunnsdel for Alver, rapport 1-7.

Alver kommune 2022 [2019]. Anleggsstrategi for Alver 2020-2024

Alver kommune 2022. Temaplan for friluftslivets ferdselsårer.

Alver kommune 2023. Temaplan for friluftslivets ferdselsårer, ro og padleled.

Alver kommune 2023. Brukarundersøking Alver kulturskule.

Andersen & Seland 2019. Fritidsklubber i et folkehelseperspektiv. Nova 2019.

Bergen kommune, seksjon for kulturanalyse 2022. Barnefamiliepanelet. Barn og unge i Vestland: Faste organiserte aktivitetar 2022

Bergen kommune, seksjon for kulturanalyse 2022. Barnefamiliepanelet. Barn og unge i Vestland: Publikumsaktivitetar 2022.

Bergen kommune 2021. Plan for deltagelse og mangfold i kunst- og kulturfeltet 2021-2030.

Barne- og likestillingsdepartementet 2020. Et samfunn for alle. Regjeringens strategi for likestilling av mennesker med funksjonsnedsettelse for perioden 2020-2030

Bergen næringsråd 2020. Kunst og kultursektorens økonomiske og samfunnsmessige betydning i Bergen og Hordaland

Bildende kunstneres forening Hordaland, Biletkunstnarane i Sogn og Fjordane 2020. Situasjonen til billedkunstnere i Vestland.

Bjørge, Christen Asskildt 2022. Seksuell orientering, livskvalitet og deltagelse i fritidsaktiviteter blant barn og ungdom 13-19 år. NTNU, 2022.

Buðdir 2023 [2017]. Seksuell orientering, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk og kjønnskarakteristika – fritid og deltagelse

Erdvik, Irina B. & Ervik, Rune 2022. Frivillig organisasjoners arbeid for inkludering av barn og unge. Barrierer, virkemidler og samspill med kommunene i inkluderingsarbeidet. Senter for forskning på sivilsamfunn & frivillig sektor 2022

Eriksen & Seland 2019. Ungdom, kjønn og fritid. Nova 2019.

FHI 2021. Folkehelseprofil Alver

FHI 2022. Folkehelseundersøkinga i Vestland 2022: Framgangsmåte, utvalde resultat og kommunetabellar

Forbundet Kysten 2020. Verneplan for små og åpne båter. Et forprosjekt.

Helse- og omsorgsdepartementet 2020. Sammen om aktive liv. Handlingsplan for fysisk aktivitet

Hordaland fylke, 2015. Manger folkehøgskule, skisseprosjekt for undervisningsbygg med konsertsal.

Hordaland fylke 2015. Premiss: Kultur. Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025.

Integrerings- og mangfoldsdirektoratet 2014. Frivillighet og mangfold. Veileder i mangfoldsarbeid for kommuner og frivillige organisasjoner

Jacobsen, Andersen, Nordø, Sletten, Arnesen 2021. Sosial ulikhet i barn og unges deltakelse i organiserte fritidsaktiviteter. Betydningen av sosioøkonomiske ressurser, geografi og landbakgrunn. Senter for forskning på sivilsamfunn & frivillig sektor 2021.

Kissow & Klasson 2018. Deltakelse for barn og unge med nedsatt funksjonsevne, med særlig fokus på deltakelse i fysisk aktivitet. Nasjonal kompetansetjeneste for barn og unge med funksjonsnedsettelse 2018.

Klima- og miljødepartementet 2018. Handlingsplan for friluftsliv. Natur som kilde til helse og livskvalitet

Koro 2020. Mål- og strategier 2020-2024

Kulturdepartementet 2013. Dans i hele landet. Status, utfordringer og strategier for videre utvikling av profesjonell dans i Norge

Kulturdepartementet 2019. Nasjonal bibliotekstrategi 2020-2023 – Rom for demokrati og dannelse.

Kulturdepartementet 2020. Meld. St. 18. Oppleve, skape, dele. Kunst og kultur for, med og av barn og unge.

Kulturdepartementet 2020. Nasjonal bibliotekstrategi 2020-2023 - Rom for demokrati og dannelse

Kulturdepartementet 2020. Dataspillstrategi 2020-2022 Spillerom

Kulturdepartementet 2021. Strategi for scenekunst 2021-2025.

Kulturdepartementet 2021. Sterkere tilbake - en mer inkluderende idrett

Kulturdirektoratet 2019. Strategi for Norsk kulturråd

Kulturdirektoratet 2021. Gjenoppbygging av kultursektoren.

Kulturdirektoratet 2021. Kunnskapsoppsummering. Konsekvenser av pandemien i kultursektoren og tiltak for gjenoppbygging.

Kulturdirektoratet 2021. Kunnskapsinnhenting og foreløpige funn. Gjenoppbygging av kultursektoren.

Kulturdirektoratet 2021. Kunstnerne og koronapandemien.

Lindås kommune 2010. Kulturplan 2010-2020. En strategisk handlingsplan for utvikling av kultur i Lindås kommune.

Lindås kommune 2011. Kulturminneplan 2011-2021.

Lindås kommune 2016. Kommunedelplan for idrett, aktivitet og friluftsliv 2016-2024.

Lindås kommune 2018. Mulighetsstudie. Regionalt kulturhus og badeanlegg i Knarvik.

Lunde, Anita 2018. Fritidstilbud for ungdom i Alver kommune. Rapport frå markedsundersøkelse.

Meland kommune 2014. Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014-2019.

Meland, Radøy og Lindås kommunar 2016, 2017. Kartlegging og verdisetting av friluftsområde Meland (2016), Radøy (2016) og Lindås (2017).

Meland kommune 2017. Bibliotekplan for Meland kommune 2017-2020.

Meland kommune 2017. Frivilligmelding 2017, Meland kommune

# Kjelder

## og føringar

Meland kommune 2017. Utsiktspunkt, rasteplassar og parkeringsplassar knytt til friluftsområde. Rullering på deltema av Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014-2019.

Meland kommune 2018. Rammepplan for Meland kulturskule.

Meland ungdomsråd 2016. Spørjeundersøking ungdomstilbod.

Menon Economics 2020. Koronakrisen og kultursektoren. Endringer i aktivitet i mars og april 2020

NOKU 2019. Sjekklista for kulturen

Nordens velferdssenter 2021. Se, lytte og inkludere. Deltakelse for barn og unge med funksjonsnedsettelser i Norden.

Norsk kulturhusnettverk 2018. Strategi for norsk kulturhusnettverk

Norsk kulturskuleråd 2016. Rammepplan for kulturskolen. Mangfold og fordyping

Norsk kulturskuleråd 2020. Politisk plattform.

Norsk kulturskuleråd 2020. Strategi 2032

Norsk musikkråd, Musikkens studieforbund 2022 [2010]. Lokaler til musikkformål. Norsk musikkråds normer og anbefalinger.

Oslo economics / Kulturdepartementet 2020. Økonomi som barriere for idrettsdeltakelse – kostnader og kostnadsdrivere i barne- og ungdomsidretten

Oxford Research, Høgskulen på Vestlandet 2023. DKS og Kulturtanken. En utredning bestående av en kartlegging av DKS og en evaluering av Kulturtanken.

Radøy kommune 2011. Kulturplan Radøy kommune 2011-20.

Radøy kommune 2016. Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø 2016-2026, ALLE I AKTIVITET.

Radøy kommune 2017. Kulturminneplan 2017-2027.

Rambøll 2021. Kartlegging av kommunale og fylkeskommunale tiltak rettet mot kultursektoren for å avbøte konsekvensene av koronapandemien.

Rambøll 2022. Kartlegging av kunst- og kultursektorens arbeid med mangfold.

Respons analyse 2019. Opinionsundersøking kultur i Alver.

Riksantikvaren - direktorat for kulturmiljøforvaltning 2021. Klimastrategi for kulturmiljøforvaltning

Riksantikvaren - direktorat for kulturmiljøforvaltning 2019. Riksantikvarens strategi for arbeid med kulturarv i kommunene

Sogn og Fjordane fylkeskommune 2018. Kultur for alle. Regional plan for kultur 2019-2027.

SSB 2021. Kulturstatistikk

Telemarksforskning 2019. Kultur + skole = sant. Kunnskapsgrunnlag om kulturskolen i Norge.

Telemarksforskning 2021. Kulturindeks Alver

Telemarksforskning 2021. Idrettsindeks Alver

Telemarksforskning 2021. Kulturindeks Vestland

Telemarksforskning 2021. Idrettsindeks Vestland

Telemarksforskning 2022. «Forestillingen er avlyst». Frafall av teknikere i sceneteknisk bransje og forslag til tiltak.

Trøtteberg, Eimhjellen, Ervik, Enjolras, Skiple 2020. Kommunal frivillighetspolitikk og lokale organisasjoner. Senter for forskning på sivilsamfunn & frivillig sektor 2020

Ungdatasenteret 2022. Ungdata Alver kommune. Resultat frå Ungdata-undersøkinga i Alver kommune 2021. Ungdomstrinnet, vidaregåande og 5-7. trinn.

Vestel & Hydle 2009. Fritidsklubb. Kvalifisering og rusforebygging? Nova 2009.

Vestland fylkeskommune 2021. Frivilligstrategi 2021-2022.

Vestland fylkeskommune 2021. Kunnskapsgrunnlag frivillig sektor i Vestland.

Vestland fylkeskommune 2021. Strategi for e-sport og gaming i Vestland 2021 – 2022

Vestland fylkeskommune 2023. Evaluering av frivilligstrategi for Vestland 2021 – 2022

Vestland fylkeskommune 2023. Kultur bygger samfunn. Regional plan for kultur 2023 – 2035.

Vestland fylkeskommune 2023. Kultur bygger samfunn. Handlingsprogram 2023 – 2026.

Aabø, S 2005. The Value of Public Libraries: A methodological Discussion and Empirical Study Applying the Contingent Valuation Method. Universitet i Oslo.

## NOU

Kulturutredningen 2014, NOU 2013: 4

Barneliv foran, bak og i skjermen, NOU 2021: 3

Ny opplæringslov, NOU 2019: 23

Barneliv foran, bak og i skjermen — Utvalg for beskyttelse av barn og unge mot skadelig medieinnhold – med særlig vekt på pornografisk og seksualisert innhold, NOU 2021: 3

Levekår i byer — Gode lokalsamfunn for alle, NOU 2020: 16

Det handler om Norge — Utredning om konsekvenser av demografiutfordringer i distriktene, NOU 2020: 15

## Stortingsmeldingar

Kulturens kraft – kulturpolitikk for fremtiden, Meld. St. 8 (2018 –2019)

Oppleve, skape, dele — Kunst og kultur for, med og av barn og unge, Meld. St. 18 (2020-2021)

En verden av muligheter — Internasjonal studentmobilitet i høyere utdanning, Meld. St. 7 (2020–2021)

Ingen utenfor – En helhetlig politikk for å inkludere flere i arbeids- og samfunnsliv, Meld. St. 32 (2020–2021)

Nasjonale minoriteter i Norge — En helhetlig politikk, Meld. St. 12 (2020–2021)

Likeverdsreformen — Et samfunn med bruk for alle, Meld. St. 25 (2020–2021)

Ingen utenfor – En helhetlig politikk for å inkludere flere i arbeids- og samfunnsliv, Meld. St. 32 (2020–2021)

Kunnskapsallmenning, møtestad og kulturarena i ei digital tid, St.meld. nr. 23 (2008-2009)

Mål og mening— Ein heilskapleg norsk språkpolitikk, St.meld. nr. 35 (2007-2008)

Utdanning for omstilling— Økt arbeidslivsrelevans i høyere utdanning, Meld. St. 16 (2020–2021)

Digital agenda for Norge— IKT for vekst og verdiskaping, Meld. St. 23 (2012–2013)

Frivilligheita – sterk, sjølvstendig, mangfaldig — Den statlege frivilligheitspolitikken, Meld. St. 10 (2018–2019)

Frivillighet for alle, Meld. St. 39 (2006-2007)

Friluftsliv — Natur som kilde til helse og livskvalitet, Meld. St. 18 (2015–2016)

Filmmeldingen, en fremtidsrettet politikk, St. meld. St. 30 (2014-2015)

Leve hele livet — En kvalitetsreform for eldre, Meld. St. 15 (2017–2018)

Den norske idrettsmodellen, Meld. St. 26 (2011–2012)

Stortingsmelding 16 (2019- 2020) Kulturmiljø

Bak kulissene, St. meld. nr. 32 (2007-2008)

Den kulturelle skulesekken, St.meld. nr. 38 (2002-2003)

Kulturell skulesekk for framtida, St.meld. nr. 8 (2007-2008)

Visuell kunst, Meld. St. 23 (2011–2012)

Nye mål i kulturmiljøpolitikken — Engasjement, bærekraft og mangfold, Meld. St. 16 (2019–2020)

## Lover og forskrifter

LOV-2007-06-29-89: Lov om offentlege styresmakters ansvar for kulturverksemd (kulturlova), § 4 og 5

LOV-1985-12-20-108: Lov om folkebibliotek (folkebibliotekloven)

FOR-2013-12-20-1656: Forskrift om kvalifikasjonskrav for ansatte i folkebibliotek

FOR-1987-01-05-2: Forskrift om bibliotekstatistikk

Ot.prp. nr. 82 (2002-2003): Lov om endringar i lov 20. desember 1985 nr. 108 om folkebibliotek Om biblioteklova, § 1.

Uttale frå Sivilombudsmannen. «Avslag på leie av lokaler i Kristiansand folkebibliotek»

LOV-1978-06-09-50: Lov om kulturminner [kulturminneloven]

LOV-2008-06-27-71: Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven)

LOV-1992-08-28-103: Lov om pengespill m.v. (pengespillloven)

FOR-1992-12-11-1056: Forskrift om fordeling av idrettens andel av overskuddet til Norsk Tipping AS

LOV-1998-07-17-61: Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)

LOV-1957-06-28-16: Lov om friluftslivet (friluftsløven)

